

Ingar Pareliussen

Hans Strøm og botanikken frå Sunnmøre, Hardanger og Eiker på 1700-talet

Gunneria 83 / 2023



Hans Strøm og botanikken frå Sunnmøre, Hardanger og Eiker på 1700-talet

Ingar Pareliussen

Gunneria is a periodical published by the NTNU University Museum at the Norwegian University of Science and Technology in Trondheim. The name Gunneria is in memory of Johan Ernst Gunnerus (1718-73), one of the founders of this institution.

Gunneria presents original work related to the museum's area of responsibility and academic areas, i.e. biology, archaeology and cultural history. All research papers are subjected to peer review.

Gunneria is published irregularly as an open access online journal (from issue 80) under a CC-BY 4.0 license and immediately available for anyone free of charge. There are no page charges for manuscripts accepted for publication.

Editors

Solveig Bakken, Solveig.Bakken@ntnu.no
Torkild Bakken, Torkild.Bakken@ntnu.no
Bernt Rundberget, Bernt.Rundberget@ntnu.no
Tommy Prestø (this volume), Tommy.Presto@ntnu.no
Vibekke Vange (this volume), Vibekke.Vange@ntnu.no

Instructions to authors

<http://www.ntnu.edu/museum/gunneria>

Previous issues

<http://www.ntnu.edu/museum/gunneria>

ISSN: 1894-7859

ISBN: 978-82-8322-376-7

Trondheim 2023

Forsideillustrasjonar:

På Framsida: Faksimile av handskrifta til Hans Strøm (Strøm 1759, s. 360),
Jungermannia epiphylla (Oeder 1766, Tab. 359) og *Lichen proboscideus* (Strøm 1795, s. 20).
På baksida: Blad av *Ranunculus platanifolius* (Oeder 1766, Tab. 111),
belegg av *Climacium dendroides* henta frå moserherbariet til Hans Strøm (Hassel 2023, TRH:B:107836/1),
ein blome av *Othocallis siberica* (Weinmann et al. 1742, n. 587) og faksimile av Hans Strøm (Strøm 1792, s.
00). Alle CC-BY 4.0.

Grafisk design: NTNU Grafisk senter

Trykt av: NTNU Grafisk senter

INNHOLD

Forord.....	5
Samandrag.....	7
Abstract.....	9
Hans Strøm – liv og arbeid	11
Introduksjon	11
Hans Strøm sine botaniske verk.....	17
Hans Strøm, Linné og utvikling av vitskaplege namn	23
Metode.....	27
Botanikaren Hans Strøm, og kva han fann	31
Søndmørs beskrivelse	35
Andet Capitel om Søndmørs væxter med et Tillæg om Coraller og Søe-Træer.....	35
§1.....	35
§2.....	45
§3.....	137
Hardangers beskrivelse	141
§11. Om Hardangers Urter	141
§12. Fortsættelse om Urterne.....	170
Egers beskrivelse	175
§8 Om vildvoxende Urter.....	175
Norske namn	223
Vitskaplege namn	237
Vitskaplege namn med autor	251
Referansar	263

FORORD

I 1997 vart eg spurd av Harald B. Haram, ein lokalhistorikar frå Haram, om eg ville omsette nokre plantenamn Hans Strøm hadde brukt i omtalen av Haram prestegjeld i *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift i Norge*. Eg starta på arbeidet, men utan tilgang til originalverket, og med lite støttelitteratur tilgjengeleg, gav eg opp. Harald B. Haram fekk aldri plantelista, men skildringa av Haram prestegjeld vart publisert i Haram kultur-historiske skrift nr. 43 ([Strøm 1998/1766](#)).

Eg gløymde ikkje spørsmålet til Harald B. Haram, så i 2005 fekk eg tak i Hans Strøm sitt verk om Sunnmøre, og starta arbeidet med å omsette, ikkje berre plantenamna for Haram prestegjeld, men heile lista med planter i [Strøm \(1762\)](#).

Det første forsøket tok meg eit år, og eg hadde då kome meg igjennom ca. ein tredjedel av dei latinske namna på plantene han fann på Sunnmøre. Eg hadde lært ein del latin, men det vart tydelegare for meg at metoden min ikkje var bra nok, og at det vitskaplege halde i det eg kom fram til, ikkje ville vere sterkt nok. Arbeidet vart derfor lagt bort nokre år.

Først i 2010 tok eg manuskriptet fram igjen, og med ein ny framgangsmåte starta eg på nytt. Det tok meg to år med den nye metoden å gå igjennom verket om Sunnmøre, og å fastslå relativt sikkert kva planter Hans Strøm hadde funne på Sunnmøre på midten av 1700-talet.

Kanskje skulle eg ha stoppa då og gitt ut boka, men eg vart nysgjerrig på to andre bøker som Hans Strøm hadde gitt ut: Skildringane av Hardanger og Eiker. Dei var ganske rett fram etter skildringa av Sunnmøre. Vidare har eg funne utvidingar og feilrettingar gjort av Hans Strøm, og desse er tatt med. Så har åra gått, administrative stillingar har ført til at forskingstida måtte finnast i fritida, og eg får seie med Hans Strøm: Lesaren får ha meg unnskyldt for at det har tatt så lang tid.


Eg vil takke Harald B. Haram for at han sette meg på idéen og seie meg lei for at han ikkje levde lenge nok til å sjå boka ferdig, for med dette arbeidet kunne han sjølv ha gjort arbeidet han ba meg om, både for Haram og for andre område dekka av Hans Strøm sine verk.

Eg vil takke fagfellar for konstruktive tilbakemeldingar. Ein stor takk går òg til redaktørane i GUNNERIA, spesielt dei oppnemnde redaktørane for denne utgjevinga: Vibekke Vange og Tommy Prestø for gode tilbakemeldingar, positiv driv og mange gode forslag til å forbetra teksten. Takk til alle dei eg har diskutert boka med. Takk til Magne Mæhre for tolmod gjennom mange år.

Eg dediserer boka til Harald B. Haram sitt minne for det store arbeidet han har gjort for lokalhistoria på Sunnmøre.



Harald B. Haram 17. mai 1977. Foto: Knut Hallvard Ulla.



Hans Strøm var frå tidleg alder ein habil teiknar. Her har han teikna båtar frå Sunnmøre i *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift i Norge* (Strøm 1762).

SAMANDRAG

Hans Strøm var ein av dei viktigaste biologane på 1700-talet i Noreg. Han var fødd på Sunnmøre i 1726, fekk presteutdanning i København i 1743 og kom tilbake til Sunnmøre og arbeidde som kapellan i Borgund medan han la grunnlaget for og til slutt gav ut sitt største biologiske verk: *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift i Norge*. Verket gir i tillegg til planter, sopp, mosar og lav skildringar av geologi, vêr og dyr frå Sunnmøre. I tillegg skildrar han òg dagleglivet til folk i prestegjeldet. Strøm publiserer to andre tilsvarande verk frå Hardanger og Eiker.


Hans Strøm levde samtidig med Linné og følgde hans nomenklatur medan den vart utvikla. Dette gjer at verka hans har ein del inkonsistensar i namnebruk og ikkje er lette å tolke til moderne namnsetting.

Eg har gjort ein grundig gjennomgang av dei til saman 612 plantene han rapporterte å ha funne på Sunnmøre, i Hardanger og på Eiker. Ved å finne koplinga mellom Strøm si namnsetting, Linné sine artar og å følgje desse vidare til moderne namnsetting er nomenklaturen for alle artane oppdatert. Deretter har eg granska og tolka Strøm sine rapporterte artar for å finne ut kva Strøm fann. For mange artar har dette vore ganske enkelt, sidan namna har endra seg lite og artane som var rapportert av Strøm er vanlege artar i dei respektive områda òg i dag. Andre artar har vore meir utfordrande, og somme har det ikkje vore råd å avdekke kva Strøm eigentleg fann.

Dei tre verka er presentert slik Strøm skreiv dei, også med omsyn til ortografi og teiknsetting. Eg har fletta mine tolkingar innimellom der det var naudsynt for å vise korleis eg tolka arten og namnet til moderne nomenklatur og taksonomi.

Ingar Pareliusson
ingar.pareliusson@gmail.com

Dronning Mauds Minne høgskole for barnehagelærerutdanning
Thron Nergaards veg 7
7044 Trondheim




[Strøm](#) (1788b) sine teikningar frå *Fortegnelse over Norske Søevekster*.

ABSTRACT

Hans Strøm is one of the most influential botanists from the 18th century in Norway. He was born in Sunnmøre, on the western coast of Norway, in 1726. He finished his education in Copenhagen in 1743 and returns to Sunnmøre where he publishes his largest and most influential work on plants, fungi, mosses and lichens in that particular district. The work also includes geology, weather, plant life, animal life, both vertebrate and invertebrate. In addition, he describes the everyday life for the people of the districts and their culture. Later, he published another two similar works describing the district of Hardanger in the south-western part of Norway, and Eiker in the south-eastern part.

The lists and descriptions of plants, algae, mosses, fungi and lichen in the three mentioned works have been thoroughly reviewed, and interpreted to the most likely current species name. Hans Strøm was contemporary with Linné, and his works follows Linné's progression in taxonomy and nomenclature. In many cases the work was straight forward, as changes in names and taxonomy have been minor. However, in some cases the names were not easily converted to modern nomenclature and updated species list from the respective areas had to be conferred and combined with knowledge within ecology to interpret the species. Despite the efforts, some species listed by Strøm were not possible to uncover. These have been notified as "Ukjent" (unknown).

This book presents Strøm's text as he wrote it, with my comments and interpretations of the species and names in between Strøm's text.



Hans Strøm hadde eit godt auge for detaljar og var interessert i både planter og dyr. Her er ulike dyr som Strøm teikna frå Sunnmøre i *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift i Norge* ([Strøm 1762](#)).

HANS STRØM – LIV OG ARBEID


Introduksjon

Hans Strøm levde og hadde sitt virke samtidig med Erik Pontoppidan den yngre og Johan Ernst Gunnerus ([Sandmo 2015](#)), som er gode eksempel på geistlege som fremma vitskap og blant anna la grunnlaget for tanken om eit fritt Noreg. I ettertid har mange av dei opplysningsinteresserte prestane fått merkelappen «potetprest». Om det var positivt å vere potetprest er nok avhengig av auget som ser. Potetprestane fekk rykte om at dei var meir opptatte med å få bøndene til å dyrke poteter enn å frølse dei same bøndene. Hans Strøm var prest i opplysingstida, og sjølv om han var optatt med folkeopplysing og naturfag var han ikkje blant dei som vart rekna som potetprestar ([Brandt 1973](#), s. 27). Noko av grunnen var at Strøm òg publiserte mykje om kyrkjeliv og tru, og dei vitskaplege interessene omfatta så mykje meir enn poteter og utvikling av landbruket. For han var orden og forsyn i naturen eit teikn på Guds kjærleik ([Strøm 1792](#), s. 721-744), og han såg nok ingen motsetnad mellom sitt vitskaplege virke og prestegjerninga. Han vende òg opplysningsverksemda utover kyrkjelydane, og meinte at naturen i Noreg var lite kjent i samtida, spesielt i København:

«Beveget af disse Betragtninger, Aller naadigste Konge! har jeg vovet et Forsøg, som her i Landet noget nær kan kaldes det første i sit Slags, til en Beskrivelse over et af de Norden-fieldske Districter, der i mange Ting er adskilt fra den Deel af Norge, som Deres Majestet Selv har taget i Allernaadigst Øiesyn, og som formedelst sin vanskelige Beliggenhet ikke saa let kan haabe at nyde sin Monarchs Nærværelse» ([Strøm 1762](#), s. VI).

Samtidig er han kjend, særleg frå tida i Volda, som føregangsmann når det gjeld utdanning i kyrkjelydane ([Riste 1926](#)). Med det store verket *Tilskueren paa Landet* dreiv han folkeopplysing i stor skala i kyrkjelydane, men dei tema han tok opp, var meir andelege og handla meir om naturen, enn om reint jordbruk og introduksjon av potet i Noreg ([Strøm 1775b](#); [Strøm 1775a](#)). Slik er det nok rett å seie at han ikkje var potetprest, men han var heilt klart ein prest som verka i opplysingstida sin ande. [Løvlie \(2021\)](#) reknar han som ein av dei opplysningsinteresserte geistlege som såg det som sitt kall å føre kyrkja nærmare folk sin kvardag.

Strøm si kjensle for Noreg og for å bygge kunnskap om Noreg, i Noreg, kom fram då han jobba for å få kongen sin gunst for det som vart *Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab*. I Strøm sine seinare år kom det kanskje enno meir tydeleg fram då han jobba for å etablere eit universitet i Noreg ([Apelseth & Døssland 1999](#), s. 57). Dei som er interesserte i ei lengre utgreiing om Hans Strøm si plassering i tid og rom som prest og vitskapsmann, kan lese [Apelseth \(1995\)](#) sin kommenterte biografi om Strøm. Strøm var ein svært produktiv forfattar, og på same måte som andre prestar i opplysingstida heldt han på med mange ulike vitskapar. I ettertida har kanskje verka om fisk, tang og tare vore dei mest kjente, fordi desse verka var nybrotsarbeid.



Eit blad frå Strøm sitt moseherbarium: Broddtranemose *Trematodon ambiguus* ([Hassel 2023](#), TRH:B:107762/1).

Utover den tydelege historiske interessa Hans Strøm inviterer til, var han òg ein føregangsmann som samla og publiserte nokre av dei første større biologiske undersøkingane som er gjort i Noreg. Hans Strøm har aldri vore gløymd, forskarar frå [Gunnerus](#) (1766-72) til [Løvlie](#) (2021) har brukta hans skrifter. Ingebrigts [Hagen](#) (1897, s. 28) skriv at Hans Strøm er «uden sammenligning den mest fremragende norske naturforsker i det forrige århundrede». Likevel er dei store gjennombrytande verka hans, spesielt i botanikk, lite brukta dei siste hundre åra. Mykje av grunnen er nok at dei har vore vanskeleg tilgjengelege fordi nomenklaturen og taksonomien har endra seg sidan 1700-talet. Artar har blitt delt i to nye artar, artar har blitt slått saman til ein art, artar har bytta namn eller blitt flytta til ei anna slekt eller ein annan familie. I dei mest innfløkte eksempla kan eit namn i Strøm sine verk vere likt ein annan art sitt namn i dag.

At Hans Strøm sitt herbarium forsvann etter at han testamenterte det til den Deichmanske stiftelse ([Hagen 1897](#), s. 37) var ei stor ulykke for det norske botanikkfaget. Ingebrigts Hagen fann Strøm sitt moseherbarium ved Kristiania Katedralskole på starten av 1900-talet:

«Hans herbarium er imidlertid nu kommet til rette. Under eksamen på Kristiania Katedralskole for nogen år siden fik hr. inspektør Kaalaas kundskap om, at der blandt skolens samlinger fandtes et gammelt mosherbarium, og ved eftersyn viste dette sig at være Hans Strøms. Dets historie er nu forståelig. Det Deichmanske bibliotek blev i slutningen av det 18de århundrede indkvarteret på Kristiania Katedralskole og forblev

der indtil for omkring 20 år siden, da det fik eget lokale; ved flytningen kom herbariet ikke med, enten nu årsaken var den, at man ikke var vitende om dets tilværelse, eller at man fandt, at det passet bedre blandt skolens samlinger end i et offentlig bibliotek» ([Hagen 1913](#), s. 3).

I dag er dette moseherbariet del av dei vitskaplege samlingane til NTNU Vitskapsmuseet (Tommy Prestø, pers. medd.). Eg har spurt Deichmanske bibliotek, og Christiania Kathedralskoles Bibliothek, om dei har informasjon om karplanteherbaret til Strøm. Deichmanske bibliotek fann eitt herbarium på «1980-tallet og som ble overført til Botanisk museum på Tøyen. Det var imidlertid et herbarium fra 1661 med opphavsmann Petrus fra Padua» (Ole Skimmeland, pers. medd.). Frå Christiania Kathedralskoles Bibliothek fekk eg eit lengre svar:

«Jeg regner det som trolig at Deichmanskes naturalier ble værende ved skolen da biblioteket flyttet ut i 1846, men har ingen sikre opplysninger. Det er òg høyst uklart hva som skjedde med Deichmanskes samlinger av mynter og oldsaker, som ikke var helt verdiløse.

Da skolen i 1869 flyttet fra Treschowgården til en ny bygning i Akersgata 73, ble det ryddet i gjenstandssamlingene. På dette tidspunktet var det ingen undervisning i naturhistorie, og de delene av skolens naturalsamling som stod til å redde, ble visstnok overført til Universitetet, uten at jeg har sett noen fortegnelse over materialet» (Ernst Bjerke, pers. medd.).

Eg har òg vore i kontakt med Naturhistorisk Museum ved UiO, og dei har ikkje kjennskap til herbariet. Det er truleg at karplanteherbaret har blitt borte i løpet av 1800-talet. Kunnskapen om Hans Strøm sine verk og naturen på 1700-talet, ville vore meir heil om ein hadde herbariet som han og medhjelparane samla. Ein veit ikkje kor stort herbariet til Strøm var, men eg veit at han samla *naturalier* og sende nokre av desse til sine samtidige ([Amundsen 1976](#), s. 97). Det er grunn til å tru at han hadde eigne eksemplar òg. Vidare veit eg at Schnabel etterlet seg eit herbarium på alle artane som er skildra i Hardanger ([Schnabel & Strøm 1781](#), s. 31). Det er ikkje umogleg at herbariet hans derfor var på mange hundre eksemplar. Ein kan undre seg om Hans Strøm ville vore autor på fleire artar om ein hadde hatt herbariet hans, og om ettermælet ville vore som ein av dei store vitskapsmennene i Noreg på 1700-talet. Ettertida har likevel bøkene han skreiv, og eg vonar at denne boka kan løfte fram igjen Hans Strøm som ein av dei store norske botanikarane.

I dag er det ofte spørsmål om korleis naturen har endra seg, og korleis den kjem til å endre seg. Lange tidsseriar og gamle kjelder er mangelvare, og derfor vonar eg at denne boka kan inspirere til å lage nye oversikter over kor ting veks. Områda Hans Strøm dekte var store, og informasjonen han gir oss er ikkje komplett. Likevel er Strøm vår beste kjelde til korleis naturen var i Sunnmøre, Hardanger og Eiker på slutten av 1700-talet. Sidan informasjonen er grovkalibra kan eg berre avdekke store endringar i samansettinga av artar. Likeins kan eg ikkje seie at ein art har kome inn etter 1700-talet berre fordi arten ikkje er med i Strøm sine verk. På den andre sida er det eit tydeleg signal om viktige endringar, dersom artar har blitt borte.

Denne boka dokumenterer òg den etymologiske endringa av norske og lokale namn på ulike artar. Hans Strøm ser ut til å ha teke med alle namn han fekk høyre på ulike planter. Eg vonar at oversynet over populærnamn frå 1700-talet kan hjelpe tolkingar av andre tekstar om planter frå den tida. Det er lagt mykje arbeid i å lage namnregister slik at ein med hjelp frå norske namn, Linné sine namn eller moderne vitskaplege namn på ein rask måte kan finne ut om Hans Strøm har rapportert desse plantene og kor han har funne dei.

I denne monografien ønskjer eg å sette Hans Strøm sine vitskapelege arbeid innan botanikken inn i ei moderne vitskapleg ramme som kan gjere arbeidet hans tilgjengeleg for nye generasjonar med forskrarar. Samtidig ønskjer eg å vise korleis nomenklaturen og kunnskapen om verda har endra seg med Hans Strøm sitt arbeid som eksempel.

Livet og arbeidet til Hans Strøm er kjent frå to samtidige kjelder: [Strøm](#) (1796) sin korte sjølvbiografi utgiven i tidsskriftet *Magazin for Religionslærere* og [Wille](#) (1799) sin lengre «Sørge-Tale over Hans Strøm» som kom ut rett etter hans død. Wille sin sørgetale verkar i stor grad å vere basert på sjølvbiografien, med mange av dei same opplysingane, men med mange fleire ord.

Den mest detaljerte biografien i nyare tid om Hans Strøm har [Apelseth](#) (1995) gitt oss. I tillegg til desse har [Larsen](#) (2001) i innleiinga til nyutgjevinga av *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift i Norge* (heretter *Søndmørs beskrivelse*). gitt oss ei oversikt over kven som har skrive om Hans Strøm som vitskapsmann, og dermed eit innblikk i kven Strøm sitt vitskapelege arbeid påverka i ettertida. Vidare har [Jørgensen](#) (2007a) og [Jørgensen](#) (2010) gitt oss ei innføring i Hans Strøm sitt virke som botanikar.

Livet til Hans Strøm. Hans Strøm var fødd i Borgund på Sunnmøre 25. januar 1726, og var son til prosten Peder Olsen Strøm og Gunhild Sunniva Strøm f. Hagerup ([Strøm 1796](#), s. 634). Han var tvilling, og han og tvillingbroren Ole hang saman som erteris til etter studietida. I tillegg hadde han ei eldre søster og ein yngre bror.

[Wille](#) (1799, s. 16) skriv at Strøm i sin barndom hadde lite til overs for pugging, men at han var interessert i vitskap og kunnskap. Strøm sjølv skriv:

«Men imens jeg saaledes stod tilbage i Studeringer, fattedes mig dog ikke paa Videlyst og Virksomhed; thi saa ofte min Fader talede med Andre om historiske og udenlandske Ting, stillede jeg mig alltid hen i en Krog for at høre derpaa, og maatte for den Skyld taale en og anden Snibbe af mine Meddisciple, fordi jeg forlod deres Selskab» ([Strøm 1796](#), s. 635).

I barneåra er teikning Hans Strøm sin hovudsyssel, og det var ikkje før Knud Sandshavn vart tilsett som lærar at Strøm si lærelyst i teoretiske fag vart vekt ([Strøm 1796](#), s. 635). Då Strøm var 14 år gammal, døydde far hans. Året etter, i 1740, dreg han til Bergen for å fortsette utdanninga si ved Bergen Katedralskole under rektor Steensen ([Wille 1799](#), s. 23). Etter eitt år i Bergen blir han og broren Ole sende til Universitetet i København der han tek teologisk eksamen etter to år ([Strøm 1796](#), s. 637).



Eit av få bilete av Hans Strøm. Bilete er henta frå *Prædikener over alle Søn- og Festdages Evangelier til Andagtsøvelse for Almuen* ([Strøm 1792](#)).

Strøm og tvillingbroren Ole returnerer til mor si i Borgund på Sunnmøre. Broren Ole blir lærar til den yngre broren Jens Henrich og blir med han tilbake til København når han startar å studere ([Strøm 1796](#), s. 637). Ole tek juridisk doktorgrad i 1748, og arbeider i Danmark fram til han dør i 1782 ([Apelseth 1995](#), s. 13).

I tida etter at Hans Strøm kjem heim frå København, kan det verke som han er i villreie om kva han skal bli. Han brukar tida til sjølvstudium med hjelp av faren sitt bibliotek, og han underviser og øver seg på å preike. Han skriv sjølv:

«Men da jeg til dette sidste [øvede mig i Prædikestolen] ikke fandt mig synderlig oplagt, var det min fulde Agt, at besøge Academiet igjen for at forsætte mine Studeringer, som vist hadde skeet, hvis ikke min Faders Eftermand, Hr. Augustinus Meldal, havde kaldet mig til Capellan» ([Strøm 1796](#), s. 638).

Han ser denne kallinga som frå Gud, og det er ikkje ein ulempe at han kan fortsette å bu heime og ta seg av mor si ([Strøm 1796](#), s. 638). Han takkar derfor ja til å vere kapellan i Borgund prestegjeld i ein alder av 25 år i 1750 ([Wille 1799](#), s. 27). Han fortset som kapellan, mykje lengre enn det som er vanleg. Han er kapellan i 14 år, og reiser rundt og vitjar kyrkjelydar og gardar rundt i Borgund og på Sunnmøre. Strøm skriv slik om tida som prest i Borgund:

«Den gamle Prost Meldal hadde som Capellan i Kaldet været meget flittig i at forrette de i Loven anbefalede Huusbesøg: det samme forlangede han og af mig; og fordi jeg ansaag det min Pligt, gjorde jeg det ikke een men flere Gange, saa der er ingen Gaard i dette vidtløftige Kald, hvor jeg jo [ikke] i dette Ærinde har været to, og paa nogle tre Gange, og har endnu til Beviis en Fortegnelse, som da blev taget over alle Siele» ([Strøm 1796](#), s. 638).

I 1762 gir han ut første del av *Søndmørs beskrivelse*, som han haustar stor ære for både frå Linné og frå *Det Kiøbenhavnske lærde Selskab* ([Wille 1799](#), s. 34). Hans Strøm vart òg innlemma i *Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab* (DKNVS) i 1763 som første medlem utanfor Trondheim ([Wille 1799](#), s. 34). At tankane til DKNVS om å byggje kunnskapsinstitusjonar i Noreg vart Hans Strøm sine eigne, kan ein sjå i fortalen til Kongen i andre band av *Søndmørs beskrivelse*, året før DKNVS fekk kongeleg stadfesting av statuttane i 1767. Hans Strøm skriv:

«Uagtet Norge er et af de største Riger i Europa, har det dog havt denne besynderlige Skiebne frem for dem alle, at det hidindtil ei har kundet fremvise noget Slags Akademie, eller Stiftelse til nyttige Konsters og Videnskabers Forfremmelse, ja ikke engang et offentlig Bibliothek. Indtil disse Mangler afhjelpes, vil vort Lands Beskrivelse formodentlig altid blive tør og maver, eller i det mindste ei saa accurat og interessant, som den kunde og burde være. Det staaer til Deres Kongelige Majestet alene, at raade Bod paa disse og fleere Mangler; er det sandt, at man i Almindelighed udretter meget med en god Villie, da maae for en Monark, som vil, ikkun faa Ting vare umuelige» ([Strøm \(1766, s. II\)](#)).

Boka vart møtt med mykje merksemd og vart derfor viktig for Strøm sitt vidare virke. Det var ifølgje Strøm sjølv *Søndmørs beskrivelse* som gjorde at han vart i kapellanstillinga i Borgund lengre enn han trøng ([Strøm 1796](#), s. 639), medan Wille skriv at han fekk soknepreststillinga i Volda i 1764 fordi utgivinga av *Søndmørs beskrivelse* i København fekk så stor merksemd:

«Like saasnart er Voldens Kald paa Sundmøer blevet ledigt, ikke saasnart har vor Strøm nedsendt sin Ansøgning derom til det danske Cancellie, førend Mæcenas Hielmstierne belægger den med vor Strøms Mesterwerk, iiler til Monarkens Trone, taler der hans Sag, og August paaskiønner Fortienester, og skienker ham Levebrød» ([Wille 1799](#), s. 35).

Begge forteljingane kan sjølv sagt vere sanne; det tok nok lang tid å samle empirien til bøkene, og det gjorde nok at han nedprioriterte å søke om å bli sokneprest for å kunne fortsette sitt sjølvstudium. Då han så endeleg søker stillinga som sokneprest får han framsnakk frå Hielmstierne som gjer at han får kallet. I mai 1764, tre månader etter han blir sokneprest i Volda, dør mor hans 76 år gammal i Borgund ([Wille 1799](#), s. 62).

I 1766 gir han ut andre del av *Søndmørs beskrivelse* som har tatt han noko lengre tid å slutføre enn han rekna med, noko han ikkje åleine vil ta på seg ansvaret for. Han skriv:

«Det er og alene i Tillid paa Publici Godhed, at jeg nu vover at udgive denne Anden Part af Søndmørs Beskrivelse, som efter Løfte strax skulle have fulgt paa den Første. At dette ikke er skeet, maae ei tilskrives min Forsømmelse, men adskillige uventede og ganske tilfeldige Aarsager, blant hvilke jeg ikkun vil Nævne den store Urigtighed, som i nogle Aar ere indløbne med de fleste til og fra mig gaaende Breve, uagtet de ere afsendte med den ordentlige Post, hvorover jeg kunde have Føie at besvære mig paa et andet Sted, end her. Denne mislige Brev-Vexling har baade foraarsaget en Stands i Trykningen, og maaskee tillige en Deel Feil og Urigtigheder i Skriftet, som ellers kunde have været forekomne, og som intet uden Publici Godhed kan undskyldye» [Strøm](#) (1766, s. II).

I Volda gifter han seg med Helene Dorothea Grave, enka etter Morten Mejer [Meyer], den førre soknepresten. Dei får tre barn, men ingen voks opp ([Strøm 1796](#), s. 641). I 1775 gir han ut *Tilskueren paa Landet*, eit folkeopplysingsverk i to band på til saman 840 sider ([Strøm 1775b](#); [Apelseth 1995](#), s. 97). [Riste](#) (1926, s. 244) nemner dette verket, som Strøm donerer eitt eksemplar av til kvar av dei fire skulekrinsane i soknet, som døme på kor viktig folkeopplysing og god skulegang var for Hans Strøm den tida han verka i Volda. Eit anna døme på dette er at han alt første året etter at han kom til Volda, oppretta ein ny skulekrins ([Riste 1926](#), s. 243). Folkeopplysingsarbeidet som Strøm gjer i Volda desse åra, legg grunn for oppsvinget i kunnskap som distriktet seinare fekk med t.d. Sivert Årfot og Ivar Aasen ([Riste 1926](#), s. 252).

Den 25. november 1778 får han kallet til Eiker prestegjeld ([Wille 1799](#), s. 36), og han buset seg på Haug prestegard i Hokksund. Kvifor han får tilbodet om Eiker prestegjeld er uklart, men det kan verke som det er krefter utanfrå som gjer at han får tilbodet. Strøm skriv sjølv: «1779 fik jeg Tilbud av det Kongel. Cancellie, at imodtage Eger Sognekald i Aggerhus Stift, hvortil jeg og lod mig overtale, endskiønt jeg vist havde foresat mig, at ende mine Dage i Wolden» ([Strøm 1796](#), s. 641). Frå ministerialboka ser det ut til han held sin første messe i Haug kyrkje 3. oktober 1779 ([Strøm 1779](#)). Helene, kona til Strøm, hadde vokse opp på Haug prestegard ([Christophersen 1980](#), s. 21), og det er vel mogeleg at ho hadde eit ønske om å flytte heim sjølv om far hennar var død. Det var òg andre personlege bindingar til Drammens-distriktet; den yngre broren til Hans, Jens Henrich, hadde flytta til Bragernes i 1775 som borgarmeister ([Christophersen 1980](#), s. 21).

Marcus Schnabel vart overflytta frå Hardanger som kapellan til Lier 10. mars 1779 ([Wille 1799](#), s. 55), og etter Schnabels død tok Strøm over papira og herbariet Schnabel etterlet seg i 1780 ([Schnabel and Strøm 1781](#), s. 6). Berre eitt år seinare, i 1781, publiserte Strøm *Udkast til en Beskrivelse over Hardanger i Bergens Stift i Norge* (heretter *Hardangers beskrivelse*).

Etter at han kom til Eiker, kom han nærmere makta i Oslo, og han fekk ein meir framståande posisjon. Han var med på å opprette *Det topografiske selskab* i Oslo, og møtte den dansk-norske kronprinsen då han var på reise i Noreg ([Bergsgaard 1947](#), s. 20). Berre seks år etter at han kom til Eiker, i 1784, publiserte Strøm *Physisk-Oeconomisk Beskrivelse over Eger-Præstegjæld i Aggershus-Stift i Norge* (heretter *Egers beskrivelse*) ([Strøm 1784b](#)). Tida på Eiker var ei produktiv tid for Strøm, men det vart aldri til at han gav ut fleire topografiske verk. Til gjengjeld gav han ut mange ulike tekstar, som i tillegg til preker og

kristne småstykke, dekka bregner, mose, fossil, reiseskildringar, og andre naturalia og kuriosa. [Apelseth](#) (1995, s. 98-111) rapporterer at han i perioden på Eiker gav ut i alt 99 ulike tekstar. Før han kom til Eiker, skreiv han berre 17, men storleiken på dei ulike tekstene sprikar mykje. Hans Strøm døydde 1. februar 1797 på Eiker prestegjeld i ein alder av 71 år ([Wille 1799](#), s. 45).

Hans Strøm sine botaniske verk

Eg har tatt utgangspunkt i hans tre mest omfangsrike botaniske verk som er knytte til dei tre *Physisk-Oeconomiske* skildringane han laga over Sunnmøre, Hardanger og Eiker. I tillegg har eg brukt 15 andre tekstar av Strøm sine 116 lange og korte tekstar ([Apelseth 1995](#)) for å greie ut om kva artar han fann. Blant artane til Strøm er ein del underartar og varietar, samt at artane kan ha endra seg over tid, eg bruker derfor her ordet taksa for å vise at det er artar i brei forstand eg meiner her, med underartar og varietatar.

Eg har på den måten kunne skildra tilsaman 694 unike taksa frå dei tre områda. Skildringane frå Sunnmøre omfattar 646 taksa, Hardanger 330 taksa og Eiker 411 taksa. Frå Sunnmøre er 83 av desse hageplantar, medan alle taksa frå Hardanger og Eiker er viltveksande. Taksa dekker soppar, algar, lavar, mosar og høgre planter. Utviklinga i tekstane viser at Strøm vart flinkare i kryptogamar etterkvart. Ingebrigts [Hagen](#) (1897) rekna ut at i alle Strøm sine skrifter er det skildra tilsaman 112 moseartar, og slik er han den som har skildra flest moseartar i Noreg på 1700-talet ([Hagen 1897](#), s. 37). Av desse mosane vart 70 funne for første gong i Noreg. Ved å bruke alle tre verka saman har dei kunne opplyse kvarandre. Når ein art kunne vere skildra i eit verk og ikkje i eit anna kan ein bruke skildringa for begge områda. Kva områder Strøm fann arten har hjelpt meg å velje rett art når tolkinga stod mellom to artar som har ulik utbreiing i Noreg.

[Wille](#) (1799, s. 31) skriv at Strøm hadde lese Pontoppidan sitt *Første forsøg paa Norges naturlige historie* ([Pontoppidan 1752](#)) og at den og arbeida av Linné var ein inspirasjon for Hans Strøm då han gav ut sin *Søndmørs beskrivelse*. [Sandmo](#) (2015) held fram at brevet frå Kong Christian VI i 1743 med 43 spørsmål til norske embetsmenn om natur, historie, økonomi og levevis var inspirasjon til dei mange fysisk-økonomiske verka på siste halvdel av 1700-talet i Noreg. Det kan godt vere at brevet var utløysande for utviklinga av sjangeren, men det er usikkert om Strøm kjente til brevet som vart sendt ut medan han studerte i København og dermed før han vart embetsmann. Strøm nemner ikkje brevet i *Søndmørs beskrivelse*, sjølv om han seier at Majesteten sin interesse for vitskap var til inspirasjon ([Strøm 1762](#), s.3). Kongen han sender verket til, og som han skriv er til inspirasjon, er Christian VII, ikkje Christian VI som skreiv brevet i 1743.

Søndmørs beskrivelse var stor og omfattande og kom ut i to band med fire års mellomrom. [Wille](#) (1799, s. 33) skriv at Strøm brukte 14 år på å samle og skrive *Søndemørs beskrivelse*. I sjølvbiografien avslører Strøm litt om kvifor han gav seg i kast med arbeidet:

«Saaledes holdt jeg det ud i 14 Aar, altsaa længre, end jeg havde havt nødig, hvilket Mange maaskee ville undre over, indtil jeg fortæller dem Aarsagen dertil, som var denne. Vor daværende Biskop, siden Prokanzler Pontoppidan, udgav i 1752 sin Norges Naturhistorie, som først oppvakte min Opmærksomhed og siden min Lyst at vove et ligesaadant Forsøg. Endeel af Linnæi skrifter, som min Broder anskaffede mig fra Kiøbenhavn, opflammede saa meget mere min Lyst, som jeg nu fattede det Haab, at jeg ved hielp af disse Skrifter kunde veilede mig selv; fort at sige, der paakom mig en Enthusiasme for denne Videnskab, som jeg aldri i mine Dage har følt Lige til, og den samme kom mig til at glemme Promotion og alt andet, som før var mig viktig,...» [Strøm](#) (1796, s. 639).

Verket *Søndmørs beskrivelse* representerer noko nytt, det er breiare i tema enn *Norges naturlige historie* av Pontoppidan. I bøkene skildrar Hans Strøm geografi, måler opp landskap og teiknar kart, samlar planter og dyr. Han skildrar òg levevis, folkedrakt, folkelynne, båtar og alt anna han kjem på å ta med om folks liv og miljøet dei bur i. Denne heilskaplege måten å sjå eit område på samsvarar godt med økologiske teoriar om korleis natur og kultur heng saman. Men slike overgripande vitskaplege sjangrar fall fort ut av bruk. [Olafsen \(1912\)](#), s. 72), som gav ut ei kommentert utgåve av Strøm og Schnabel si skildring av Hardanger, skriv:

«Det er en Misforstaaelse af en topografisk Beskrivelse at fylde den med Naturhistorie. Det er da ikke Dyreriget og Planteriget, som skal beskrives, men Bygden, Landet og dens Beboere. Men det kunde ikke være anderledes. Naturhistorie interesserede man sig for og kjendte noget til, Landet selv derimod var et „ukjendt Land“ som Afrikas Indre. Historie interesserte man sig ikke for og kjendte heller ikke synderlig til, Sæder, Skikke, Overtro o.s.v. havde Oplysningstidens Mænd ingen Forstaaelse af; alt saadant saa de ned paa med et overlegent Smil. I Fædrelandets Sprog var de fleste af disse Mænd aldeles ukyndige. Hvorledes kunde de saa leve en virkelig topografisk Beskrivelse? Nei, det kunde de ikke; alle Forudsætninger og Hjælpemedler manglede. En Bygd eller Landsdel, som ikke er kartlagt, kan heller ikke nøiagtig beskrives» ([Olafsen, et al. 1912](#), s. 72).

Olafsen gjer ei forenkling her: Naturhistoria er viktig for Strøm, og den er eit nybrotsarbeid. Samtidig er tanken og omfanget mykje større, han skal fange ein heil sivilisasjon frå dei naturgitte grunnlag for menneske til kultur, historie og folkelynne. Det er som dette smeltar saman i tekstane og blir til ein hyllest av naturen, av landet, og av Gud. Dette at naturen er til Guds ære, kjem tydeleg til synet i eitt anna av Strøm sine verk: *Prædikener over alle Søn- og Festdages Evangelier til Andagtsøvelse for Almuen, tilligemed en Tilskrift til Eger-Menighed i Norge, samt en tilføjet Anviisning for Almuen til at kiende Gud af hans Gierninger i Naturen*. Særleg i den siste delen, «*Tilføjet Anviisning*», kjem det tydeleg fram at Strøm ønsker å vise korleis naturen bør lesast som eit uttrykk for eit guddommeleg forsyn og som ei heilag skrift:

«Var jeg derfor lykkelig nok til at sette min forehafte Materie i sit rette Lys, tvivler jeg ikke paa, at den jo vilde tiene, om ikke Alle, saa dog Mange, endog blant Almuen til Eftertanke og Forbedring. For da at vove et nyt Forsøg, setter jeg dette forud, som unægtligt, og noget enhver sund Menneskeforstand kan begribe, at Gud har aabenbaret sig saavel i Naturen som Skriften, og bør derfor kiendes af begge. Den hellige Skrift begynder med Skabelsens Historie, fordi den Artikel om Skabelsen og Forsynet er Grunden for al Religion; den vei leder os derfor selv til Naturens Betragtning, og følgelig til Gud, som har skabt og holder den; den viser os, at Gud vil kiendes ei alene af Skriften, men også af Naturen; han havde jo ellers i denne sidste antændt et Lys for os, som vi ikke maatte bruge» ([Strøm 1792](#), s. 721).

Skrivefeil, rettingar og tillegg til tekstan. På 1700-talet tok det lang tid frå manuskriptet vart levert til boka vart trykt og det var dyrt å endre trykkjeblokkene. Strøm hadde derfor tillegg og rettingar som vedlegg i andre bøker han gav ut, og nokre gav han ut som eigne bøker og skrifter. Døme på dette kan ein sjå i *Søndmørs beskrivelse*. Rettingar kjem i slutten av første band ([Strøm 1762](#), s. 571) og i starten av andre ([Strøm 1766](#), s. X). Ein del år seinare hadde han funne ut meir om Sunnmøre og funne fleire feil og tilføyningar. Han gav då ut boka «*Anmerkinger Til Søndmørs Beskrivelse*» ([Strøm 1784a](#)). I denne teksten kjem han med rettingar og nye opplysingar om artar og vekseplassar og økologi. Eg har òg tatt med informasjon som Strøm gir i *Beskrivelse over Ti Norske Søe-væxter* ([Strøm 1770](#)) som har både rettingar og utvidingar om tang og tare for Sunnmøre. Nye artar og rettingar er tatt med og sette inn i teksten i alfabetisk ordning og med litteraturtilvising i den ordning eg trur Strøm ville ha nytta dersom han kunne ha gitt ut verket på nytt.

Skrivefeil og andre feil som Strøm har retta opp i sine ulike errata, er retta utan markering i min tekst ettersom det ikkje påverkar den vitskaplege tolkinga av artane utover å opplyse kva Strøm meinte. Det er likevel eitt unntak der rettinga endrar tolkinga av arten og eg meiner originalteksten er rett: [Strøm](#) (1766, s. 14) skriv «[side] 84 [linje] 19. cucubals s. Behen album voxer alene ved Stranden.», orginalen er «Smelle-Græs; voxer allevegne i Agrene og ved Strandbredderne» ([Strøm 1762](#), s. 84). Teksten skildrar planta engsmelle som godt kan vekse i åker og eng, men sjeldan på stranda. Strandsmelle er ein nærskyld art, som veks på stranda, men denne skildrar han rett etter. Sidan det er truleg at rettinga er feil, har eg halde fast på originalteksten i denne boka.

For Hardangers beskrivelse er det tatt med tillegg og rettingar Strøm gav i *Egers beskrivelse* ([Strøm 1784b](#), s. 285-287). Berre ei av rettingane omhandla ein planteart, og rettinga er gjort løpande i teksten og gitt litteraturlitvising. Verket om Hardanger kom ut året etter at Marcus Schnabel døydde og det kan hende at arbeidet har gått vel fort for Strøm. Det er påfallande mange fleire skrivefeil i verket om Hardanger samanlikna med verka for Sunnmøre og Eiker.

For Eiker er det tillegg og rettingar på to plassar i sjølve boka ([Strøm 1784b](#), s. 273-285, 287-288) og seinare i fleire böker med tillegg og rettingar ([Strøm 1787](#), [Strøm 1788a](#), [Strøm 1793](#)).

I alle verka har eg følgt originalutgåva tett, også med omsyn til ortografi og teiknsetinng. Eg har merkt med [sic] der eg meiner det er tydelege feilskrivingar. Eg har ført på manglande slektsnamn og andre tilføyinger i hake-parentesar. Eg har løpande i teksten kommentert artane eg fann krevjande å tolke i ein moderne taksonomi, eller som av andre grunnar trong ein lengre kommentar.

Søndmørs beskrivelse. *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift i Norge* (heretter *Søndmørs beskrivelse*) er Hans Strøm sitt største vitskaplege verk. Han teiknar her eit så komplett oversyn over Sunnmøre som han klarar. Han hadde med seg notatbøker på sine reiser rundt om på Sunnmøre. Tre slike notatbøker, eller Annotations-bøker, er kjente og har overlevt fram til i dag. Den eine er transkribert og gitt ut i [Strøm et al.](#) (1997/1756). Den andre er



Kart som Strøm teikna over Sunnmøre i *Søndmørs beskrivelse* ([Strøm 1762](#)).

digitalisert men er berre på nokre få sider. Den tredje er digitalisert og oppføringane om insekt og fisk transkribert ([Strøm 1759](#), [Strøm & Strøm 2022](#)). Elin Strøm skriv òg at det er 43 planter nemnt i den siste [Strøm & Strøm](#) (2022, s. 28). Annotations-bökene er handskrivne og vanskelege å lese for andre enn eksperter på handskrift frå 1700-talet. Eg har lese igjennom boka som er transkribert og gitt ut i 1997. Denne gir lite ny botanisk informasjon fordi Strøm har tatt med omtrent all informasjon i *Søndmørs beskrivelse*, så sant han ikkje i annotations-boka skriv at han er svært usikker. Strøm viser at han er usikker i annotations-boka, men ikkje i *Søndmørs beskrivelse*. Ein grunn til at Strøm etterkvart blir sikrare kan vere at han har fått hjelp frå andre til å sette namn på artane. Det kan òg vere at han har fått fleire erfaringar med desse plantene. Ein tredje grunn kan vere at han vel å dølte at han er usikker.

Strøm er audmjuk over eige arbeid, slik skikken var. Han gir likevel eit bilet av at arbeidet har vore krevjande og til tider vanskeleg, særleg det biologiske arbeidet:

«Af mig som en *Autodidactos* og som den første, der har søgt at tillægge vore Norske Naturalier Systematiske Navne, kunde vel ingen bedre Prøve ventes, end den jeg har givet i dette Skrifts første Part; og naar jeg ikke altid har været lykkelig i at udfinde de rette *Synonyma*, maae det som oftest tilskrives, deels mine Exemplarers Ufuldkommenhed, deels *Authorum* urigtige, eller ufuldstændige og utsydelige Beskrivelser. Overalt kan jeg forsikre, at det ofte har kostet mig meere Møie at tage Feil, end mange andre at skrive riktig; og det eene med det andet kan overbevise baade Læseren og mig, at det ikke er eens men manges Arbeid, at bringe et Lands Natural Historie til sin rette Fuldkommenhed» ([Strøm 1766](#), s. XIII).

Han beklagar òg at boka har blitt så lang, men seier at det er lite andre tekstar å støtte seg på og vise til. Det var nok òg vanskeleg å systematisere den store mengda informasjon han samla inn, og uklart både korleis den skulle systematiserast, og korleis den skulle avgrensast. Hans Strøm arbeidde i minst ti år før første band kom ut, og etter det gjekk det fire år til før andre bandet blei gitt ut. Han skriv i starten av andre band om mottakinga første del hadde fått og om kjensla han har når andre del kom ut:

«Det gunstige Biefald, hvormed Læseren har behaget at optage den første Part af dette Skrift, har meget overgaaet min Formodning, og givet mig den kraftigste Opmuntring til at fare fort, og bringe et Verk til Ende, som nu i mange Aar har holdt mig i bestandigt Arbeide, og til sidst næsten overvundet al min Taalmodighed» ([Strøm 1766](#), s. II).

Frå eit biologisk standpunkt er første band av verket mest interessant. Der går han vitskapleg gjennom alle plantene og dyra han har funne på alle sine reiser. I den andre delen ([Strøm 1766](#)), som eg for det meste har sett bort frå her, går Strøm igjennom kyrkjekalla og skildrar dei inngåande. Her har han med dyr og planter som han fann på gardar og fjell han besøkte. Slik kan ein få meir detaljert økologisk og geografisk informasjon om kor plantene voks. Alle planter i det andre bandet er med i første bandet, og informasjon om funnplassar for sjeldne planter tok Strøm med i første del. Dei som er spesielt interessert i eitt kyrkjekall eller ein art kan bruke andre bandet saman med denne monografien for å gjere ei tolking av kva planter Strøm fann. Slik tenkte òg Strøm sjølv når han laga oversikta over artane:

«Hvad Ordenen angaar, da burde jeg vel have rettet mig etter den i hans *Systema sexuale* vedtagne; men at Fortegnelsen tillige kan de tiene som et Register, hvorefter Urterne kunde opsøges, har jeg heller villet følge den Alphabetiske og vil samme have Læseren henviist, naar jeg paa andre Steder i dette Skrift anfører Urterne med forkortede Navne» ([Strøm 1762](#), s. 66).


Hardangers beskrivelse. Marcus Schnabel var fødd i Ulvik i Hardanger i 1744 og kom inn på Bergens Skole i 1760. Han drog til København i 1762 og var der til 1767 då han returnerte til Ulvik og arbeidde som kapellan der fram til 1779, då han flytta til Eiker som kapellan i Lier ([Wille 1799](#)). I Ulvik jobba han med å samle saman informasjon til å skrive ein tekst om Hardanger, slik Strøm hadde skrive om Sunnmøre nokre år tidlegare. Han var på Eiker til han døydde i 1780 ([Olafsen et al. 1912](#), s.69-70). Strøm kom til Eiker i 1779, og slik fekk dei omlag eitt år saman før Schnabel døydde. Boka kjem ut berre eitt år etter Schnabels altfor tidlege bortgang.

Udkast til en Beskrivelse over Hardanger i Bergens Stift i Norge har Marcus Schnabel som hovudforfattar og Strøm som utgivar. Det er min påstand at dette likevel må reknast som eit av Strøm sine botaniske verk ([Schnabel & Strøm 1781](#)). Strøm skriv på tittelbladet at han har samla og samanskrive boka frå Schnabel sine etterlatne dokument ([Schnabel & Strøm 1781](#)). Ei tolking er at Schnabel har samla grunnlaget for boka og at observasjonane om levevis og skikkar er Schnabel sine. Når det gjeld plantene derimot verkar det som kunnskapen til Strøm er fremst. Strøm skriv:

«Paa Urtene kan jeg give en vidløftigere Fortegnelse, siden et af Forfatteren selv samlet *Herbarium vivium* er faldet mig i Hænderne, og han desuden ei forsømte, mens han boede i Hardanger, at tilsende mig Prøve af alt hvad der kunde ansees for nogenlunde rart, hvorfor jeg med desto større vished kan skrive derom» ([Schnabel & Strøm 1781](#), s. 31).

Slik er verket ein del av Strøm sine botaniske verk, sjølv om ein ikkje skal underslå Schnabel sitt arbeid med å samle og presse plantene. I tillegg til å skrive om urter skriv Schnabel òg om tre i Hardanger, men her hadde ikkje Strøm noko herbarium å gå til, og han seier at det einaste han har funne om tre, er at alm er mykje brukt i Hardanger på ulike måtar. Når tresлага i Hardanger får slik enkel omtale fordi Strøm ikkje har tilgang til eit herbarium, styrker det inntrykket av at omtalen av urtene er gjort med bakgrunn i herbariet som Schnabel har samla, og at Strøm har tolka og namnsett artane. Ein ting som kan tale imot dette er at dei vitskaplege namna har mange fleire feilskrivingar enn dei andre verka til Strøm, men dette kan også forklarast med Strøm sitt hastverk med å publisere boka. Det er vanskeleg å vite nøyaktig kor mykje av teksten Strøm har skrive og kor mykje Schnabel har skrive, men med denne bakgrunnen har eg tatt med Hardanger som eitt av Strøm sine verk, utan å underslå arbeidet Marcus Schnabel gjorde for å samle plantene.

Dei som ønskjer å lese originalteksten bør bruke 1781-versjonen og ikkje [Olaf Olafsen \(1912\)](#) sin nyutgåve av *Hardangers beskrivelse*. Denne er svært mangelfull, delar av teksten er feilsitert, eller «retta opp», slik at den skil seg frå originalen. Olafsen hoppar òg over det meste av urtene i si utgåve, truleg for å spare plass.



Kart som Schnabel teikna over Hardanger i *Hardangers beskrivelse* (Schnabel & Strøm 1781). Kartet er mykje enklare utført enn Strøm sine eigne kart frå Sunnmøre og Eiker.

Egers beskrivelse. Hans Strøm vart sokneprest på Eiker i 1780, og berre fire år seinare gav han ut *Physisk-Oeconomisk Beskrivelse over Eger-Præstegjæld i Aggerhuus-Stift i Norge* ([Strøm 1784b](#)). I fortalen til skriften klagar han over sin høge alder, han var 58, samtidig som han seier at desse fire åra på Eiker var hans beste læreår. Strøm har fått fleire botaniske verk når han skriv dette verket, blant anna refererer han til *Flora Danica* ([Pauli 1648](#)) og *Flora Norvegica* ([Gunnerus 1766-72](#)). Han refererer òg til andre som lagar «*Physisk-Oeconomiske Beskrivelse*», slik som Wilse frå Spydeberg ([Wilse & Schwach 1779](#)) og [Wille](#) (1786) frå Seljord.

Eg bruker den moderne forma Eiker i dag, sjølv om Eger på Strøm si tid var noko anna enn Eiker i dag. [Kraft \(1845, s. 239\)](#) skriv at prestegjeldet Eger grenser «mod Nord til Sigdal og Modum, mod Øst til Lier og Skouger Præstegjeld, mod Syd og Sydvest til Sandsvær samt mod Vest til Flesberg Præstegjeld». Det vil i dag utgjere Øvre og Nedre Eiker, Fiskum og Bakke, så Strøm sitt Eger utgjer berre ein del av dagens Eiker prosti. Eg gjengir òg kartet Strøm teikna over Eger prestegjeld.

Hans Strøm utgir *Anmærkinger og Tillæg til Egers Naturhistorie* tre år seinare ([Strøm 1787](#)). Året etterpå, og seks år etterpå, gir Strøm ut tillegg til [Gunnerus](#) (1766-72) sin *Flora Norvegica* som òg inneheld planter frå Eiker ([Strøm 1788a](#), [Strøm 1793](#)).

Frå dei seinare verka til Strøm er opplysingane og dei nye artane som tydleg omhandlar Eiker fletta inn i den originale teksten til *Egers beskrivelse* og gitt litteraturtilvising. Slik er teksten endra, men det er mogeleg å sjå kva som er gjort, og kor det kjem frå. Dei opplysingane Strøm rapporterer frå Telemark eller på Toten har eg ikkje tatt med. [Strøm \(1788a, s. 349\)](#) oppgir to nye verk han har brukt: [Haller \(1742\)](#) og [Weber \(1778\)](#) som begge har gitt han lyst og kunnskap til å arbeide med kryptogamar. Dei mange kryptogamane som er med i desse verka er vanskelege å omsetje til moderne namn. Eg har utelate dei sidan Hagen (1897; 1913) har dekt desse artane betre enn det eg kan gjere på nytt. Totalt er det 65 sider med kryptogamar i desse to verka ([Strøm 1788a](#), [Strøm 1793](#)).

Hans Strøm, Linné og utviklinga av vitskaplege namn

Hans Strøm var aktiv i vitskapen og var ikkje isolert frå andre vitskapsfolk. Han skrev brev og hadde dei fremste vitskaplege verka i botanikken. Han abonnerte òg på ulike tidsskrift og refererer flittig til dei i materialet sitt når det gjeld bruk og kunnskap om artane frå ulike verk. Strøm skriv at han brukte *Flora Lapponica* ([Linné 1737](#)), *Flora Svecica* andre utgåve ([Linné 1755](#)) og *Species Plantarum* ([Linné 1753](#)). Dei lange latinske namna i *Søndmørs beskrivelse* er for det meste henta frå desse verka. Strøm nemner òg Linné sitt *Systema sexuale* som første gong kom ut i boka *Systema Naturae* ([Linné 1735](#)), men som vart utvida og brukt i dei seinare verka til Linné. Det kan vere at Strøm viser til *Flora Lapponica* eller *Flora Svecica*, heller enn *Systema Naturae*.

«Flere Slutninger af dette Slags overlader jeg til de bedre Kyndige at giøre sig selv, og begiver mig nu til den belovede Fortegnelse over Søndmørs Vildvoxende Urter, følgende, i hensende til deres Benævnelse, Hr. *Caroli Linnæi Flora Svecica* af den anden Stokholmske Edition 1755, men ogsaa hist og her, naar jeg der ei har fundet dem, samme berømmelige Autors *Flora Lapponica* og *Species Plantarum*» ([Strøm 1762](#), s. 66).



Strøm sitt kart over Eiker prestegjeld i *Egers beskrivelse* (Strøm 1784b).

Midt på 1700-talet var det stor fagleg usemje om ein skulle legge vekt på artar eller på slekter som hovudstammen i taksonomien. Linné heldt på slekta som det samanbindande og brukte *systema sexuale* som det grupperande systemet ([Linné 1735](#)). Andre, til dømes Oeder, meinte at artane var det grunnleggande og burde vere grunnstamma for taksonomien. [Friis](#) (2019) har greidd ut om Oeder og Linné si usemje meir grundig. Mi vurdering er at Strøm ikkje er ein aktør på dette planet. Han følgde med på diskusjonane, men konsegnerte seg om artane og kjenneteikn på dei. Strøm skriv i *Til læseren*:

«Det andet Capitel giver en Prøve paa de her forekommende Væxter, hvilken, hvor ringe den end maatte synes, dog har kostet større Møie, end Leseren ved første Øiekast kan forestille sig. Jeg frygter vel for, at mange ville ansee Beskrivelserne og Anmærkningerne over Urterne at være alt for korte; men disse maa erindre sig, at jeg ikke har skrevet en Lære-Bog eller System, og at de Latinske Navne, som alle ere tagne af Linnæi Skrifter, sige virkelig mere end en anden vidtløftig Beskrivelse, som for Kiendere vilde være overflødig, og for de ukyndige kun lidet nyttig» ([Strøm 1762](#), s. III).

I populærkulturen er det ofte sagt at Carl von Linné fann opp dei latinske namna på artar, men dette er ikkje helt korrekt. Linné sitt store arbeid var å samle fysiske eksemplar av artane, skildre desse, samanlikne og samordne latinske namn frå ulike verk innanfor botanikken, og i tillegg lage eit felles taksonomisk system. Dette arbeidet var så grundig at [Linné](#) (1753) er rekna som startpunktet for all namnsetting av dei fleste planter, algar, sopp og torvmosar. For andre mosar kom ikkje startpunktet før i 1801 med Hedwig sin *Species muscorum frondosorum* ([Turland et al. 2018](#), Article 13).

For planter som formeirer seg med frø baserte Linné seg på kjønnsdelane. På denne måten var det lettare å avdekke kva artar som var duplikat av kvarandre, det vil seie den same arten, men med ulike namn, og kva som var nye artar. Kryptogamane, dvs. planter som formeirer seg med sporar og ikkje frø, algar og sopp har ikkje kjønnsdelar som Linné kunne bruke for å skilje dei ulike slektene frå kvarandre. Linné brukte i staden skildringar av reine morfologiske trekk. Han samla framleis inn eksemplar og tok så godt vare på dei som han kunne for å samanlikne nye eksemplar med. Likevel er det tydeleg at taksonomien og kunnskapen om artane i desse gruppene var mykje dårlegare enn for karplantane. Det var i stor grad andre botanikarar som stod for utviklinga på dette feltet, og dei fleste var aktive først på 1800-talet.

Det er tydeleg at det er først når Strøm får [Haller](#) (1742) og [Weber](#) (1778) sine verk at han får interesse og kunnskap nok til å ta for seg kryptogamane, og det er først i dei to siste verka Strøm tek med mange av desse artane. For algane har Strøm fleire frå Sunnmøre enn frå Hardanger og Eiker. Truleg hadde Strøm tilgang til fleire algar frå Sunnmøre. Strøm utgir òg to tekstar om tang og tare der mykje er nybrotsarbeid. Den eine er tydeleg knytt til Sunnmøre, og dermedher inkludert i *Søndmørs beskrivelse*.

I bokverket *Species Plantarum, Exhibentes Plantas Rite Cognitas Ad Genera Relatas Cum Differentiis Speciificis* koplar [Linné](#) (1753) saman dei ulike tidlegare latinske namna til dei binomiale vitskaplege namna i det seksuelle systemet. For å kunne vite kva art ein skildra laga han eitt herbarium (lektotype) av alle plantene, slik at ein kunne samanlikne nye forslag til artar med dei som var omtalt frå før. Linné dyrka òg planter frå frø, slik at han kunne samanlikne dei under likt miljø ([Amundsen 1976](#), s. 129).

Linné var ikkje den første med binomiale namn, eller den første med seksuell inndeling av plantene, men Linné var svært flittig og systematisk. Han skreiv korte og gode skildringar som konsegnerte seg om skilnadane mellom artane, og han skreiv mange. Når han så plasserte artane inn i *systema sexuale*, som i stor grad deler planteartane opp etter kjønnsdelane i blomen, hadde han den fordelen at det er lite seleksjon på mengd, storlek eller generell morfologi på arr og pollenerar. Kjønnsdelane var derfor gode for å samle artar i slekter, som seinare viste seg å ha same stamtre, det biologien kallar fylogeni.

Dei fleste planteartar kan ein derfor følgje tilbake til skildringa av første lektotype, mange av dei er skildra av Linné. Det er òg heldig at mange av Linné sine eksemplar er teke vare på og tilgjengelege for gransking ([Linnean Society 2022](#)). Den binominale måten å skrive artsnamnet på og å kople arten opp mot ein autor som hadde skildra lektotypen til arten først, er derfor ei arv etter Linné ([Jørgensen 2007b](#)).

Strøm brukte ikkje det nye binominale systemet til Linné i verket om Sunnmøre, men gjorde det i verka om Hardanger og Eiker. Det er usikkert kvifor han ikkje nyttet det nye systemet i det første verket, sidan *Species Plantarum* kom ut ni år før *Søndmørs beskrivelse*. Strøm bruker artsepitet, det vil seie den siste delen av det vitskaplege namnet, sporadisk i verket om Sunnmøre, og i verka om Eiker og Hardanger har han gått over til det binominale systemet. I *Søndmørs beskrivelse* bruker Strøm «s.» framfor artsepitet, som ei forkorting for *species*. Som oftast er desse henta frå Linné sitt binominalesystem. Nokre få av desse «s. namna» kjem ikkje frå Linné, til dømes *Lonchitis aspera* (*Blechnum spicant* bjønnkam). Strøm gir ikkje lesaren indikasjonar på kor han har henta namna frå, men dei er ofte henta frå eldre botaniske verk og er namn som ser ut å vere godt innarbeidde.

Mange som har lese Strøm sine tekstar, ser ut til å tru at dei lange latinske namna er Strøm si skildring av plantene han har funne. Desse lange latinske namna, til dømes «*Campanula foliis ovato-lanceolatis, caule simplicissimo tereti, floribus solitariis pedunculati*», er Linné sine namn på arten frå før dei vart korta ned til binominale vitskaplege namn. Dei er ei skildring av arten, men kan ikkje tolkast separat frå Linné sitt arbeid sidan dei skildrar skilnadane frå liknande artar. Strøm skriv likevel lengre tekstar på latin når han meiner han har funne ein ny art. Då skriv han til dømes:

«*Tremella sphærica, pendula granis viridibus sparsis repleta*. En Søe-Væxt af Størrelse og Skabning som en liden rund Plomme, men af Blankhed og Materie som en *Gelée*, samt inden til opfyldt med meget smaa og gronne Gryn, hvilke give den hele Væxt en grøn Anseende. Den sees her hængende under *Confervis* i Søen; men da jeg ikke har kundet finde den nogenstads beskreven, har jeg taget mig den Frihed at ophitte foranførte Latinske Navn eller Beskrivelse, som af de bedre Kyndige kan forskydes eller forandres efter Behag» ([Strøm 1762](#), s. 131).

eller

«*Veronica floribus solitariis, foliis digitato-partitis, pedunculo longioribus*. Den voxer paa tørre Stæder, saasom Klipper og Huus-Tage, og forekommer allevegne af følgende Skikkelse: *Caulis palmaris, erectus, infernæ ramosus. Folia pleraque lanceolatolinearia, sessilia, alterne, integerrima; infima autem, unde rami propullulant, cordato-ovato, majora & profundé incisa; omnia uná cum caule hirsuta. Flores alares sessiles. Corolla minima cærulea*» ([Strøm 1762](#), s. 135).

I kommentarane i teksten har eg løpende skrive når Strøm gir skildringar av artar som ikkje var skildra i litteraturen han hadde tilgang til. Av og til er det mogeleg å vite kva han meinte, men ofte er det vanskeleg ettersom ein ikkje har eit herbarium etter han å kontrollere opp mot, og han ikkje nødvendigvis skildra det ein treng for å skilje artane frå kvarandre i dag. Eg ser òg at han av og til tek feil slekt, mellom anna når han skildrar ein art som *Tremella*, når den bør vere *Ulva* etter Gunnerus eller *Fucus* etter Linné. *Tremella sphærica*, som er mitt første eksempel, er truleg knapptang *Himanthalia elongata*. Sjå meir utførlig kommentar om denne arten i *Søndmørs beskrivelse*.

Metode

Ein god botanikar kan lese verka om Hardanger og Eiker og få eit ganske godt inntrykk av artsmangfaldet. Verket om Sunnmøre er vanskelegare å nytte på same vis sidan Strøm der bruker dei lange latinske namna på artane. Sjølv for Hardanger og Eiker kan ein ikkje undersla at nomenklaturen har endra seg mykje frå 1700-talet, og det er fallgruver som gjer at ein kan konkludere med feil art. Det er derfor nødvendig med ein del tolking for å kunne føre dei skildra artane til moderne nomenklatur og taksonomi.

Det er ei utfordring at nomenklaturen og taksonomien har endra seg sidan 1700-talet. Artar har blitt delt, slått saman, dei har bytta namn eller blitt flytta til ei anna slekt eller ein annan familie. Dette er brot i kontinuiteten, og ein må derfor nytte andre kunnskapskjelder for å kome fram til kva Strøm fann. I dei mest innfløkte eksempla kan eit namn i Strøm sine verk vere likt ein annan art sitt namn i dag. Eg vil her i metodedelen vise den prosedyren eg har nyttta for å kome fram til dei ulike artane, og korleis dei ulike kunnskapskjelder grip inn i tolkingane.

Dei fleste artsnamn Strøm nyttar kjem frå [Linné](#) (1753), og ein kan ofte ta dei vidare til moderne namn. Der eg har vore sikker på det moderne namnet, har eg skrive det i ein margnotis utanfor oppføringa til Strøm, saman med sidetalet til artsnamnet i *Species Plantarum*. I dei fleste høve har eg gjort dette utan å skildra korleis eg kom fram til det moderne namnet fordi tolkinga er opplagt. Der eg har vore usikker har eg skrive tolkinga av arten til moderne nomenklatur innimellom teksten til Strøm. Til slutt har eg ført opp alle vitskaplege namn med autor slik at namna er eintydige. Eg har nytt Artsdatabanken sin Artsnamnebase som kjelde for moderne nomenklatur, slik den såg ut 30. mars 2023.


Etter at eg kom fram til kva moderne namn som er synonym til Linné sitt namn, har eg starta tolkinga av kva Strøm fann. For kjente artar som veks i mengde, var tolkinga for det meste enkel. Det er eksempel, slik som hårfrytle og storfrytle, der Strøm manglar vanlege nærskyldne artar som gjer at skildringa til Strøm måtte undersøkast grundigare. På same måte krev meir sjeldne artar, artar som ikkje veks i området eller i Noreg i det heile, grundigare undersøkingar. Då har eg brukt Strøm si skildring av planta på dansk og det lokale dansk/norske namnet der han har oppgitt det og halde det saman med det moderne vitskaplege namnet. Her har eg brukt min eigen kunnskap om dei ulike plantene sin habitus, økologiske krav og kunnskap om gamle plantenamn for å verifisere at den danske skildringa til Strøm stemte med det namnet eg hadde kome til.

Om eg framleis har vore usikker, har eg nyttat nettressursen *Artskart* ([Artsdatabanken 2019](#)) og leita etter herbariebelegg frå området der Strøm samla arten. Der herbariebelegg mangla, har eg sett etter i *Artsobservasjonar* frå området. Eg har lagt vekt på observasjonar med biletar for å kunne kontrollere funna sjølv. Eg kunne òg sjå om det var herbariebelegg frå nærliggande område, for å avdekke om det kunne vere ein underrapportert art.

Eksempel på bruk av metoden. Her er eit eksempel på korleis eg har arbeidd med ein enkel art der eg kan spore arten til [Linné](#) (1753) og vidare til ein moderne art frå *Søndmørs beskrivelse*:

«*Oxalis scapo unifloro, foliis terminatis, s. Acetosella*. Denne kaldes her Nat-Svæve, fordi den folder sine Blade sammen om Aftenen efter Solens Nedgang, og tiener altsaa til Rettesnor for dem, som gaae sildig ude i Marken i taaget Veir, da de af denne Urt kan see, om Solen er dalet eller ikke» ([Strøm 1762](#), s. 110).

I [Linné](#) (1753, s. 433) finn ein *Oxalis scapo unifloro, foliis ternatis*:



Faksimile av omtalen av *Oxalis acetosella* i *Species plantarum* av [Linné](#) (1753, s. 433).

Som ein ser i faksimilen over, gir [Linné](#) (1753) tettpakka informasjon for kvar art i *Species plantarum*. Eg vil derfor først forklare kort korleis ein les *Species plantarum*. I faksimilen har eg tatt med øvste del av side 433. Der står det *DECANDRIA PENTAGYNYA*, eller ti støvberarar og fem arr, som er plasseringa av *Oxalis* i Linné sitt seksualsystem. Deretter kjem slektsnamnet *Oxalis*. Under *Oxalis* kjem første avdeling av *Oxalis*, som er skildra slik: *Scapo radicali* som kan omsetjast til enkeltvise bladskot. Nokre sider seinare i *Species plantarum* kjem dei *Oxalis* som har blad spreidd oppetter stengelen: *Foliis caulinis alternis*.

Dette er første arten av *Oxalis* og arten har derfor fått eit 1-tal. Etter dette kjem det viktigaste, dvs. skildring av utsjånaden, eller morfologien, på latin: «*Oxalis scapo unifloro, foliis ternatis, radice Squamoso-articulata*» eller *Oxalis* som blømer enkeltvis på eigne skot, blad enkeltståande, skjella og ledda rot. Som marginotis står *Acetosella* som er det Linné kalla trivialia (trivialnamn) og det botanikken i dag kallar artsepitet og som er andre del av det moderne, binominale vitskaplege namnet.

Deretter kjem ei liste med botaniske verk som nyttar denne skildringa (*Hort. cliff 175. Fl. Suec. 385. osb.*). Så kjem namn Linné meiner er synonym til denne arten, og dei botaniske verka han har funne desse i. Dei som er merkt med β og γ er namn som Linné meiner er variantar av arten med anna farge på blomen.

Til slutt står utbreiinga av arten Linné kjente til: Boreal skog i Europa, og teiknet for at arten er ei staude: 24.

I [Strøm](#) (1762, s. 110) er første delen av skildringa på latin omtrent lik med [Linné](#) (1753, s. 433), men det er to skilnadar: Den første er at Strøm ikkje har tatt med «*radice Squamoso-articulata*». Strøm kutta stundom ned lengda på Linné sine skildringar, truleg for å spare plass. Dette endrar ikkje etter det eg har klart å avdekke tolkinga, ettersom Strøm alltid tok med tilstrekkeleg av namnet til å kunne skilje det frå andre artsnamn hjå Linné.

Den andre skilnaden er meir uvanleg sidan Strøm skreiv *terminatis* (avsluttande) i staden for [Linné](#) (1753, s. 433) sin *ternatis* (tredelt). Begge orda gir ei korrekt skildring av arten, og det er berre to bokstavar som skil dei. Det er ingen *Oxalis* som har *terminatis* i skildringa og Linné bruker heller ikkje *terminatis* andre stader i *Species plantarum* som eg har funne. Saman med marginotisen *Acetosella*, som er identisk med «s.-namnet» hjå Strøm, er eg sikker på at Strøm meinte denne arten i Linné, og at Strøm har skrive feil. Skriven på moderne binominalt vis blir Linné sin art: *Oxalis acetosella*.

I [POWO](#) (2022) står det følgjande om *Oxalis acetosella*: «*Oxalis acetosella* L. First published in Sp. Pl.: 433 (1753). This species is accepted». Då kan eg slå fast at nomenklaturen og taksonomien til gaukesyre *Oxalis acetosella* har vore uforandra frå Linné si tid. Dermed står det berre att å gjere ei økologisk vurdering om arten kan ha vore funnen på Sunnmøre av Strøm. Gaukesyre er ei vanleg art på Sunnmøre og det er derfor svært truleg at Strøm fann denne arten.

Det siste eg har vurdert er om Strøm si skildring på dansk er overeins med det eg veit om arten, i dette tilfellet gaukesyre *Oxalis acetosella*:

«Denne kaldes her Nat-Svæve, fordi den folder sine Blade sammen om Aftenen efter Solens Nedgang, og tiener altsaa til Rettesnor for dem, som gaae sildig ude i Marken i taaget Veir, da de af denne Urt kan see, om Solen er dalet eller ikke» ([Strøm 1762](#), s. 110).

Nat-svæve er ikkje eit namn brukt om gaukesyre i dag. Skildringa av nyktinasti, eller rørsla der blada faldar seg saman om natta, stemmer godt med gaukesyre. Sidan lokalnamn er omskiftelege legg eg ikkje vekt på at namnet ikkje er i bruk i dag. Hadde namnet vorte brukt på andre artar i dag ville eg vore meir på vakt. Eg legg vekt på den fysiologiske skildringa knytt spesifikt til arten, og her meiner eg skildringa på dansk høver for gaukesyre *Oxalis acetosella*.

Dei fleste artane har vore like enkle som vist i dette eksemplet. Det er dessverre ein del artar eg ikkje har greidd å spore til [Linné](#) (1753) og vidare til ein moderne art. Dei to vanlegaste årsakene er uklar taksonomi og at Strøm oppgir for lite informasjon til at eg kan gjere ei kvalifisert tolking av kva Strøm fann. Ofte har eg kome eit stykke på veg, slik som å finne ut kva Linné sitt namn var, men utan å kunne slå fast kva Strøm fann. Ved andre høve har eg vore sikker på slekt, men fordi taksonomien på 1700-talet var ufullstendig og mangla nærliggende artar, har det vore uråd å slå fast kva art Strøm fann. Eg har tatt tolkinga så langt eg har vore sikker, og samtidig skildra det eg ikkje er sikker på. Dette kjem fram i kommentarane innimellom teksten til Strøm, og med konklusjonen gitt som marginotis.

Gunnerus og Wille sine herbarium. Gunnerus herbarium har eg nyitta i noko mon. Det har vore tatt vare på og gjennomgått av mange personar opp igjennom tida, sist av [Jørgensen et al.](#) (2016). Strøm og Gunnerus hadde mykje kontakt, særleg i tida på Sunnmøre fram til Gunnerus dør i 1773. Det var ikkje alltid vanleg å skrive kven som samla materiale til herbariet, og sjeldan vart det skrive kor materialet var samla, så ein veit ikkje om herbariet til Gunnerus har materiale som kjem frå Strøm og Sunnmøre. Det eg veit, var at det var vanleg å sende eksemplar av naturalia for å bygge relasjoner på 1700-talet ([Amundsen 1976](#), s. 60, [Skuncke 2014](#), s. 84). Når det gjeld innhaldet i Gunnerus sitt herbarium, så var kvaliteten og fagkunnskapen varierande:

«En del av beleggene er overraskende gode (i mening representative for arten) og godt bevart. Andre er elendige rester, noen er ubestemmelige. Mye er feilbestemt; han har ofte forvekslet nærbeslektede arter, ikke bare én gang, men to eller flere. Enkelte arter eller grupper av arter lærte han tilsynelatende aldri, trass i gjentatte innsamlinger og granskinger av materialet. En del er helbom, så feilaktige at en kan spekulere på om bestemmelsene er rene feilbestemmelser eller skyldes feiletikettering og forvekslinger av ark og navn» ([Jørgensen et al. 2016](#), s. 491).

Ein kan tenke seg at Strøm hadde tilgang til mykje av den same litteraturen, og kanskje gjorde mange av dei same feila som Gunnerus. Eg har derfor brukt informasjon frå Gunnerus sitt herbarium for vanskelege artar og grupper, særleg lav. Då har eg lagt vekt på kva som vart samla og kva namn som vart sett på det som var samla. Dette er gjort med varsemd, for herbariet er eksemplar Gunnerus samla og namnsette, og det kan vere noko anna enn det Strøm såg og fann. Likevel gir det ein peikepinn om kor mykje eg kan stole på ei namnsetjing. Dersom Gunnerus traff høveleg, styrkar det teorien om at Strøm kan ha gjort det same.

Eg har i mindre grad nytta meg av [Dahl](#) (1892) sin gjennomgang av Wille sitt herbarium. Wille var ein av Strøm sine kontaktar frå tida på Eiker, men eg er usikker på kor mykje Wille og Strøm samarbeidde om botanikk før *Egers beskrivelse* vart gjeve ut. Dessutan verkar kvaliteten på herbariet til Wille meir usikker enn herbariet til Gunnerus. Dessutan verkar gjennomgangen av Gunnerus sitt herbarium ([Jørgensen et al. 2016](#)) betre enn gjennomgangen av Wille sitt herbarium [Dahl](#) (1892). Eg meiner derfor at det er naudsynt med ein ny gjennomgang av Wille sitt herbarium for at ein skal kunne vere sikker på kva artar Wille fann, og først då kan det vere opplysende for enkeltartar på Eiker.

Val av illustrasjonar. Eg har ønskja å nytte illustrasjonar som opplyser og viser kva Strøm fann og meinte, gjerne illustrasjonar som Strøm hadde tilgang til. Slik er òg illustrasjonane ein del av argumentasjonen og innramminga av kva Strøm meinte.

I innleiinga har eg nokre illustrasjonar av dyr og båtar som Strøm har teikna, desse er med for å vise bredda av arbeidet til Strøm i *Søndmørs beskrivelse*. I skildringa av Sunnmøre og Eiker har eg kart frå områda teikna av Strøm, og eit kart over Hardanger teikna av Marcus Schnabel.

Når Strøm har referert til kjelder med illustrasjonar, eller der Strøm sjølv har kome med illustrasjonar, har eg tatt desse med så langt det har vore råd. I eit par tilfelle har eg tatt med moderne bilete av usikre artar så lesaren sjølv kan gjere seg opp ei mening om skildringa til Strøm kan passe.

Vurdering av metodekvalitet. Sidan eg har laga metoden sjølv, er det naturleg å knyte nokre ord til validitet, reabilitet og metodisk tryggleik. Validiteten til metoden, eller kor gyldige tolkingane av artane er, kjem frå at eg har nytta den taksonomiske litteraturen og databasar. Slik er namnsettinga mi basert transparent på den vitskaplege kunnskapen som til ei kvar tid har vore gyldig, heilt fram til i dag. Derfor meiner eg validiteten til metoden er god. Reabiliteten til metoden, eller kor sikker eg kan vere på kva artar Strøm fann, er meir utfordrande. Strøm gjorde tolkingar, som alle botanikarar, då han samla inn materiale. For mosar har eg kunne nytte [Hagen](#) (1913) sin gjennomgang av Strøm sitt moseherbarium, elles har eg ingen herbarium å gå tilbake til. Eg har òg gjort tolkingar, og brukt mitt økologiske skjønn når eg har følgt arten. Utan herbariet vil det alltid vere ein rest av reabiliteten som manglar. I metoden og skildringane løpende i teksten, har eg lagt vekt på å vere transparent slik at mitt skjønn kan vurderast av lesaren.

Det er ein metodisk veikskap å bruke dagens utbreiing for å sannsynleggjere at tolkinga av artsnamna er rett. Utbreiinga av artar er ikkje statisk, men endringar i utbreiing er likevel ikkje tilfeldig. Den følgjer trendar som i endring i bruk og klima. Artar oppstår heller ikkje spontant utan spreieing. Her er min økologiske kunnskap viktig, og eg har nytta den for å unngå eit sirkelresonnement der eit artsnamn blir forkasta fordi arten ikkje er kjent frå området i dag. Eller det omvendte, at det må vere ein spesifikk art fordi arten er kjent frå området i dag. Eg har uansett ikkje forkasta artar berre fordi arten ikkje finst der i dag. I staden har eg skrive det vitskaplege namnet og kommenterer at arten ikkje er registrert frå området dersom det er mogleg at arten kan ha vore der. Slik er tolkingane gjort transparente, og lesarane kan sjølv vurdere om dei er einige i mi tolking eller ikkje.

Botanikaren Hans Strøm, og kva han fann

Strøm har gitt oss ein skatt av kunnskap om kva artar som eksisterte i tre områder i Noreg på 1700-talet. Verka dekker godt låglandsfloraen frå dei tre områda. Det er truleg enkelte sjeldne artar som ikkje er registrerte, og ein del fjellplanter glimrar òg ved sitt fråvær, men alt i alt gir oversikta ein god indikasjon på artane som voks i dei områda som Strøm undersøkte. Det ser ut til å vere flest hol i Hordaland sin oversikt sidan Strøm ikkje samla informasjonen sjølv, men måtte nytte Schnabel sitt herbarium. Karplanter, særleg dei tofrøblada, er godt dekte i materialet til Strøm, men av gras, siv og storr manglar fleire artar. Strøm har berre tatt med enkelte artar av lav, mosar, sopp og algar. På slutten av 1700-talet var mange av desse artane ikkje ferdig namnfesta på ein god måte. At taksonomien ikkje var ferdig ser ein blant anna av at Strøm av og til skildrar artar på latin fordi han ikkje har funne namn på artane. Særleg gjeld det artar frå mosar, lav og algar, men òg for familiar som gras, siv og storr har taksonomi og kunnskap utvikla seg sidan denne tida. Det same gjeld enkelte slekter som mjølker *Epilobium* spp., marikåper *Alchemilla* spp. og bjørnebær *Rubus* spp., for å nemne nokre.

Strøm var audmjuk og kalla seg sjølv ein *Autodidactos*. Strøm var forsiktig med å gå utover dei artane han fann i Linné sine botaniske verk, meir forsiktig enn det f.eks. Gunnerus var. Gunnerus skreiv mange brev til Linné og diskuterte funn og tolkingar av dei, også eksemplar som Strøm hadde samla ([Amundsen 1976](#)). Det er derfor grunn til å tru at Strøm syntes sjølv at han mangla den faglege pondusen til å diskutere med dei som han såg opp til.

Det er mi meining at Strøm var ein habil botanikar, og glimtvis ein habil økolog. Han var ein av dei første botanikarane som rapporterte at fjellplanter òg kunne vekse i fjøra ([Strøm 1762](#), s. 65). Han vart etterkvert ein habil kjennar av mosar, larvar, sopp og algar gitt føresetnadane på den tida, og hans arbeid med tang og tare var banebrytande. Eg veit at Strøm fann variasjon som han klarte å plassere inn i skildringane til Linné, men kor godt Strøm sine funn passar til Linné sine artar får eg aldri vite sidan eg ikkje har eksemplar frå Strøm. Gunnerus, der herbariet er bevart, bommar av og til ganske kraftig. Til dømes er alle skvallerkål-eksemplara, revidert av [Jørgensen et al.](#) (2016, s. 161), tågebær *Rubus saxatilis*. Det er grunn til å tru at Strøm òg gjorde feil, men kor mykje veit eg ikkje. Det er likevel nokre raude flagg i materialet. Eit eksempel er trollurt *Circaeae alpina* der han i *Søndmørs beskrivelse* seier at den veks på fjellet, og når han kjem til *Egers beskrivelse*, der trollurt er meir vanleg, rapporterer han stor trollurt *Circaeae lutetiana*. Det er derfor grunn til å tru at han hadde brukt namnet trollurt feil, og at når han så kom ein plass der trollurt var vanleg, måtte han bruke stor trollurt på den. Likevel verkar det meste av skildringane til Strøm gode, og han hadde eit godtauge for detaljar, noko ein kan sjå på teikningane hans. Strøm viser òg når han er usikker, og det talar til hans fordel.

Strøm har truleg sett feil namn på ein del artar han fann, og desse feila kan ordnast i tre grupper. Den første gruppa av feil skuldast manglande taksonomisk kunnskap på 1700-talet, slik at arten ikkje var skildra i litteraturen, slik at morfologiske skilnadar vart rekna som naturleg variasjon innom same art. Eitt eksempel er borre *Arctium*, der Strøm bestemte alt til storborre *Arctium lappa*, som var skildra av Linné. Medan småborre *Arctium minus*, som er meir vanleg, ikkje var skildra av Linné og dermed ikkje tatt med av



Småborre *Arctium minus* var feil namnsett som storborre *Arctium lappa* i Gunnerus sitt herbarium ([NTNU 2023](#), TRH:V:234198).

Strøm. Eg trur at serviliteten til Strøm overfor Gunnerus og Linné førte til at han lettare gjorde denne feilen enn om han hadde stolt meir på eigne observasjonar.

Den andre gruppa av feil skuldast ønsket om å finne dei artane som er skildra i Linné sine verk. Strøm kan ha tolka naturlege skilnadar i morfologi til skilnadar innanfor ein art nytta til å skilje artar. Dei fleste botanikarar har lurt på kor stort eit blad må vere for å vere stort, kor raud ein blome må vere for å vere raud osb. på plante-individ som er kandidatar for å vere ein ny art for botanikaren. Ein av artane til Strøm som fell under denne gruppa, er ulvelav *Letharia vulpina*. Strøm rapporterer arten både frå Sunnmøre og Hardanger, der den i beste fall var svært sjeldan. Truleg har ikkje Strøm nokon gang sett ulvelav, men helst funne stry og skjegglav, som han har overtydd seg sjølv om passa til Linné si skildringa av ulvelav.

Den tredje gruppa av feil skuldast at utbreiingane av artar var lite kjent og at ein visste lite om korleis miljøet påverkar morfologien. Dermed kunne same art ha vokse i ulike delar av Europa og sjå ulik ut berre fordi miljøet var ulikt. Linné kjente til at miljøet påverka korleis plantane såg ut og dyrka derfor ulike artar i hagen sin for å sjå om ulikskap i morfologi forsvann i likt miljø. Ei av dei evige utfordringane med å nytte morfologi for å skilje artar, er å vite kva som skuldast genetikk og kva som skuldast miljø. Ein slik art er *Saxifraga petræa*, som Strøm tek med frå Eiker. [Jørgensen et al.](#) (2016, s. 217 & 247) skildrar korleis Gunnerus òg slit med denne arten. Gunnerus diskuterte i fleire brev til Linné denne arten ([Amundsen 1976](#), s. 107 ff.). Kort oppsummert bestod problemet i om kor vidt *Saxifraga petræa*, som er ein art frå Alpane, er den same som trefingersildre *Saxifraga tridactylis* i dei norske fjella. Eit anna eksempel er når Strøm i *Søndmørs beskrivelse* skriv «*Acetosa montana Maxima*, som voxer til Fields». Det er truleg at Strøm meiner setersyre *Rumex arifolius* subsp. *lapponicus* som veks på fjellet og er litt kraftigare enn engsyre. Strøm bruker likevel *Acetosa montana Maxima* som er knyttta til hage-kultivaren av engsyre, kalla spansksyre, som Linné meiner kjem frå sørlege fjell, men som Linné mistenker kan vere ein varietet av engsyre.

Utover feil namnsetting er det mange artar som er vanlege i dag, som heilt manglar hjå Strøm. Det kan skuldast at dei har kome inn seinare, men det er og grunn til å tru at Strøm gjekk forbi mange artar som voks i området. Eit eksempel på ein art som manglar, er lyssiv *Juncus effusus*. Grunnen er nok så enkel som at Strøm ikkje skilde mellom lyssiv og knappsviv, *J. conglomeratus*, sjølv om begge var skildra i Linné sine tekstar og Strøm har med knappsviv. På same måte er ikkje knappsviv tatt med frå Hardanger, og grunnen her er nok at Schnabel ikkje hadde samla så veldig mange planter i herbariet sitt. Andre eksempel er krattlodnegras *Holcus mollis*, sauetelg *Drypteris expansa* og smørtelg *Oreopteris limbosperma*. Slik kan ein ta for seg mange artar som er vanlege i dag, men som ikkje er med. Det kan sjølv sagt vere at arten var sjeldan før, og auka med f.eks. bruk av kunstgjødsel eller annan miljøendring, men kausaliteten kan eg ikkje stadfeste frå dette materialet, og god økologisk kunnskap om artane vil kunne avgjere kor truleg ei endring i tal eller mengde av arten skuldast miljøgrunnar.

Arbeidet som er gjort og presentert gjennom denne boka, gjer det mogeleg å studere nøyare endringane av artssamansettinga i områda samanlikna med det Strøm fann. Dersom ein nyttar skildringa hans av prestegjelda på Sunnmøre, kan ein få ein ganske nøyaktig oversikt av kva artar som voks kor.

Det vil no òg vere mogleg å gå igjennom annotations-bøkene til Strøm med blikk på kva planteartar som er skildra der ([Strøm 2021](#)). Harald B. Haram skriv: «Den inneheld for det meste opplysningar og registreringar som gjeld dyr, planter, fisk og insekt på våre kantar og er ei slags naturkunne. Svært mykje av dette er på latin. Denne boka er på 414 sider og skriven i tida 1759 til 1780» ([Strøm et al. 1997/1756](#), s. VII). Desse annotations-bøkene er i mellomtida blitt digitalisert, og noko arbeid er gjort på å tyde insektdelen av dei ([Strøm & Strøm 2022](#)). Elin Strøm angir at 43 planter er med i boka ho

har arbeidd med. God kunnskap om handskrift frå 1700-talet er naudsynt for dette arbeidet ([Strøm & Strøm 2022](#), s. 28).


Artstypene kan styrke vår kunnskap om kva artar som kom til Noreg før 1800. Ein kan dessverre ikkje gjere det motsette, fordi arten kan ha vore der sjølv om Strøm ikkje skreiv om arten. Strøm gir meir informasjon om dei ulike artane i *Søndmørs beskrivelse* enn i dei andre verka, og derfor er det meir kunnskap om artane som både kan styrke og avkrefte uvanlege funn Strøm rapporterer. Eit eksempel her er filtkongslys *Verbascum thapsus* som Strøm ikkje finn på Sunnmøre, men som veks på Sunnmøre i dag. Eg veit at Strøm kjente filtkongslys frå verka om Hardanger og Eiker. Dersom han først vart kjent med filtkongslys etter han kom til Eiker, ville Strøm skrive at han oversåg den på Sunnmøre i sine seinare tekstar, slik han har gjort i fleire andre høve. Filtkongslys er meir vanleg aust i landet og meir sjeldan på Vestlandet. På Vestlandet verkar den òg meir knytt til vegar, som kan peike mot at den er spreidd av menneske. Det er derfor truleg at filtkongslys *Verbascum thapsus* har kome til Sunnmøre etter Strøm si tid.

Strøm si skildring av hageplanter frå Sunnmøre inneheld òg ein del nytt. For det første ser det ut å vere den første skildringa av fjellflokk som hageplante. Det er ikkje så underleg sidan det i dag er ein vanleg og kjent hageplante. Ein annan ting å merke seg er at Strøm ser ut å rekne valurt både under hageplanter og ville urter, men det kan dreie seg om ulike artar av valurt. Funnet frå Nordal kan tolkast som den første kjente forvillinga av fôrvalurt i Noreg. Det er òg eit par spørsmål eg ikkje har funne svar på: Vart jordflatbelg *Lathyrus tuberosus* dyrka i hagane på Sunnmøre? Og brukte dei det frykta ugraset gullkrage, då kalla onde urter, som hageplante?

Utover å få fram kva artar Strøm skreiv at han fann i moderne taksonomi, bidreg arbeidet til å avdekke kva artar som Strøm faktisk fann. Det gir glimtvise innblikk i naturmangfald i endring over lang tid. Inntrykk eg sit igjen med er langsam endring over tid, utan dei store forskjellane. Det meste verkar kjent frå Strøm sine skildringar. Dette kan skuldast at observasjonane er grove, ein veit ikkje kva som er vanlege artar og kva som var sjeldne, utover når han skriv det eksplisitt. Ingen av dei artane han skriv var sjeldne, har vorte vanlege i dag. Det er likevel god grunn til å tru at endringar i driftsmåtar, kunstgjødsel, klimatisk endring og andre økologiske endringar har ført til at samansetninga har endra seg. I økologien snakkar ein ofte om motstand mot endring. Eit økosystem i balanse vil motstå endringar til motstandskrafta er brukt opp og då kan det raskt skje store endringar.

No følgjer dei tre *Physisk-Oeconomisk Beskrivelser* som Strøm skreiv, slik han skreiv dei, med mine kommentarar fortløpende. Bak i boka er eit register over norske/danske/lokale namn, vitskaplege namn og oversikt over autor til dei ulike vitskaplege namn, samt referansar.

SØNDMØRS BESKRIVELSE



Faksimile frå starten av andre kapittel om Sunnmøre sine vekstar i *Søndmørs beskrivelse* ([Strøm 1762](#)).

Andet Capitel om Søndmørs væxter med et Tillæg om Coraller og Søe-Træer

§1

[s. 62 i orginalteksten]

Vækterne i et Land ere enten Vildvoxende eller Have-Vækter, og disse sidste igjen enten Mad-Urter og Blomster eller Frugt-Træer. De Viltvoxende, saasom de rette sig efter et Lands Clima, udkræve altid en viktig Part i dets Beskrivelse; da de andre derimod tiene mere til Beviis paa Indbyggernes Flid, end paa Landets naturlige Fruktbarhet, men bør dog ei

ganske forbigaaes, saasom de om begge Dele kan give nogen Oplysning.
Jeg vil derfor, førend jeg begiver mig til de Vildvoxende urters Beskrivelse,
anføre en Fortegnelse over de hos os meest bekjendte og brugelige Have-
Væxter, og det med saadanne Navne, som dem i Almindelighed tillegges,
udeladende de Latinske, uden hvor de for at forekomme Tvetydighed bør
tilføies, og henvisende dem, som forlange videre Underretning, til *Sim.*
Pauli Flora Danica.

Strøm gir i innleiinga av *Søndmørs beskrivelse* ei liste over planter som
ikkje veks vilt. Utover norske namn er informasjonen om artane sparsam,
enkelte artar har eit vitskapleg namn knytt til seg, og ein del har fått ein litt
lengre tekst som er til hjelp til å forstå kva art det er og kva variasjon Strøm
såg. Mange av dei norske namna er truleg det same i dag som på Strøm si
tid, andre har kanskje gått ut av bruk, og andre igjen er meir å rekne som
namn på ei gruppe av artar.

De samme ere da i en alphabetiskt Orden følgende:

Abrodd *Artemisia abrotanum* **Abrod,**

Akeleie *Aquilegia vulgaris* **Akeleye,**

Alantrot *Inula helenium* **Alands-Rod (*Helenium*),**

Asparges *Asparagus officinalis* **Asparres,**

Agurk *Cucumis sativus* **Augurker,**
Truleg feilskriving av agurk.

Balsamkrage *Balsamita major* **Balsom,**

Berberis *Berberis vulgaris* **Berberis,**

Betonie *Betonica officinalis* **Betonie,**

Lilje *Lilium sp.* **Brandgule-Lillier,**

Brannlilje *Lilium bulbiferum* er ein truleg art ut frå det norske
namnet, men fleire gule liljer er kjent frå denne tida. Frå Trondheim
i 1694 har Christian Gartner tatt med brandguul Henge-Lilie, som
er blitt tolka til safranlilje *Lilium croceum* ([Balvoll & Weisæth](#), 1994,
s. 90). Sidan eg ikkje kan vite kva art det var Strøm fann, set eg
liljeslekta.

Bringe-Bær eller hindbær (*Rubus idaeus*),

Bringebær *Rubus idaeus*

Calmus,

Kalmusrot *Acorus calamus*

Cardobenedict,

Benediktinartistel *Centaurea benedicta*

Chrysanthemum (Chrysanthemum Segetum),

I Linné (1753, s. 889) finn ein *Chrysanthemum segetum*, som i dag er *Glebionis segetum* gullkrage. Gullkrage var eit frykta ugras på slutten av 1700-talet i Danmark, men sjeldan i Noreg. Hornemann (1821, s. 870) skriv blant anna at den berre er eit par eksemplar frå Eiker. Gartner nemner den i 1694 under sitt danske namn «Fattig Mands Trudsel » (Balvoll and Weisæth, 1994, s. 87). Baade (1768, s. 410) skriv «*Chrysanthemum segetum* Linn. Sp. pl 1254. Onde Urter, hist og her i haverne; har dog voxer i Agrene paa Glöshougen, men er maaskee kommet deri med Dansk Sædekorn».

Jørgensen et al. (2016, s. 267) har eit eksemplar frå Gunnerus sitt herbarium som er bestemt til gullkrage, og skriv at det var eit leit ugras. [Strøm](#) (1784b, s 85) skriv frå Eiker: «*Chrysanthemum segetum*, de saa kaldte Onde Urter i Dannemark[sic], har jeg seet paa en Ekre, hvor den nok var kommen ved dansk Sæde-Korn, som her bruges af mange;». Det er merkeleg at Strøm nemner eit ugras blant hageplantene, men [Baade](#) (1768, s. 410) gjer det òg så det kan vere at det var ein plante som var likt i hagen, og uønskt i åkeren.

I hagebruk er gullkorg *Doronicum* spp. ein gamal staude som liknar på gullkrage. Arten var skildra i [Linné](#) (1753, s. 885). I England blir den rapportert som hageplante frå 1596 og forvilla frå 1777 ([Stroh et al.](#) 2020), men [Åsen](#) (2003a) skriv at gullkorg var brukt som hagestaude først på starten av 1900-talet, og eg har ingen kjelde på at den var nyttå på 1700-talet i Noreg. Dessutan trur eg ikkje at Strøm ville forveksla artane, og at han ville ha skrive gullkorg om det var det han meinte. Både gullkorg og gullkrage er rapportert forvilla på Sunnmøre, mest frå dei seinaste åra ([Artsdatabanken 2022](#)). Eg set gullkrage som art, sidan det er konsistent mellom dei ulike verka til Strøm og i tråd med samtidige kjelder.

Commeelblom,

Kamilleblom *Matricaria chamomilla*

Consolide (*Consolida major*),

Ville riddarsporar har i dag slektsnamnet *Consolida*, medan hageriddersporar går under slektsnamnet *Delphinium*. [Baade](#) (1768, s. 395) har fire riddarspore-arter frå Trondheim, tre er *Delphinium* arter, men den eine riddarspore-arten han nemner er åkerriddarspore *Consolida regalis*. [Gartner](#) (1694) har òg *Consolida regalis*, men [Balvoll](#)

Valurt *Symphytum officinale* [s. 63]

& [Weisæth](#) (1994) tolkar denne til edel riddarspore *Consolida ajacis*. Det kan vere ein av desse artane Strøm sikter til, men eg trur helst at det ikkje var ein riddarspore i det heile.

I [Balvoll & Weisæth](#) (1994) er *Consolida major* tolka til valurt *Symphytum officinale*. Strøm har *Symphytum foliis ovato-lanceolatis, flore rubro*, s. *Consolida major* seinare i teksten under dei ville plantene i Sunnmøre, så denne tolkinga gir mening. Her gir Strøm oss ein klar knyting mellom *Consolida major* og valurt *Symphytum officinale*.

Sypress *Cupressus* spp.

Cypres,

Ukjent

Damask-Bломster,

Christian Gartner kallar kvitfiol *Viola alba* for Damask-Bломster ([Balvoll & Weisæth](#), 1994), medan [Hornemann](#) (1821 s. 207) brukar namnet på stemorsblom *Viola tricolor*. Sidan Strøm (1762, s. 136) bruker Stivmors-Bломster som namn på *V. tricolor* er det lite truleg at han ville brukt damask-bломster i hagebruk. [Baade](#) (1768, s. 401) bruker namnet damaskes-bломster for dagfiol *Hesperis matronalis*. Eg kan ikkje vere sikker kva art som Strøm meinte, så eg set ukjent, sjølv om dagfiol er ein sterk kandidat.

Fennikel *Foeniculum vulgare*

Fennikel,

Fiken *Ficus carica*

Figen-Træer i Potter,

Ukjent

Fiolen-Bломster (*Leucoium luteum*),

I [Miller](#) (1754, s. 246) står det fleire *Leucoium luteum* som Miller kallar «the yellow wall flower». Slekta *Leucoium* er eit synonym for *Erysimum*, men arten *L. luteum* er ikkje eit kjent namn ([IPNI 2022](#)). Eg veit at det fins gule *Erysimum*, og ein art som passer er gyldenlakk *Erysimum cheiri*. Det passar òg med [Miller](#) (1754, s. 246) sitt engelske namn. [Balvoll & Weisæth](#) (1994, s. 90) omset Gartner sin *Leucojum* som levkøy *Matthiola incana*, men dei er sjeldan gule. Gyldenlakk er ein sterk kandidat, men det er for lite informasjon til å vere sikker.

Fløyelsblom *Tagetes* spp.

Fløyels Blомster,

Gulrot *Daucus carota*

Gule-Rødder,

Sitronmelisse *Melissa officinalis*

Hiertens-Fryd eller Melisse,

Jasmin-Trær,

Ukjent

Det er mange artar som har blitt kalla Jasmin, den eigentlege jasminen er *Jasminum polyanthum* og kan overleve som potteplante innandørs i Noreg. Jasmin er mest å rekne for ei slyngplante og den har ikkje treform, så det var nok ikkje denne Strøm meinte.

[Baade](#) (1768, s. 373) kallar *Jasminum officinale* for Sjersemin, og skriv videre: «Findes een og andensteds at vox i Urte-Potter.» Denne arten kan opptre som ein slyngande busk, og det kan vere denne arten Strøm meinte. [Baade](#) (1768, s. 373) har også *Jasminum odoratissimum* med under *Jasminum*, men denne er også meir slyngande og har gule blomar. [Miller](#) (1754, s. 148) skildrar mange *Jasminum*-artar som blir frakta frå Italia og Spania, og som vart dyrka som små tre i krukker.

[Åsen](#) (2005) oppgir at duftskjærsmen *Philadelphus coronarius* kom til Agder mellom 1550-1790, men gir ingen kjelde for tidfestinga. Duftskjærsmen er ein busk som klarar seg utandørs i store delar av Noreg og blir kalla sjasmin på Sunnmøre, i allefall i dag. Eg finn ingen norske kjelder frå 1700-talet som omtalar denne slekta i hagebruk. Ved Borgarøya handelstad i Ulsteinvik kommune, med hus frå 1700-talet, har eg sett eit kratt av duftskjærmen, men eg veit ikkje kor gammalt det er.

I [Balvoll & Weisæth](#) (1994) har Gartner sin sjasmin frå 1694 blitt tolka til *Jasminum* sp., men Gartner har ikkje oppgitt eit latinsk namn. [Block](#) (1647, s. 62) i si danske hagebok har *Philadelphus coronarius* under det gamle namnet *Syringa alba* som hageplante i Danmark. I England er *Syringa alba* kjent frå [Miller](#) (1754, SY nr.2). Det er rart at norske kjelder som [Gartner](#) (1694) og [Baade](#) (1768) ikkje nemner arten.

Strøm gir oss litt lite informasjon for å kunne fastsette denne, dersom eg skal følgje dei samtidige kjeldene bør eg sette *Jasminum* spp., men eg kan også velje å legge vekt på at Strøm skriv at arten har tre-vekst og då velje å tru at han meinte duftskjærsmen. For å vere på den sikre sida skriv eg ukjent på denne.

Jord-Nødder (*Glandes terrestres*),

Jordflatbelg *Lathyrus tuberosus*

Det vil vere naturleg å tenke at Strøm tenker på jordnøtt *Conopodium majus*, men den har han med som *Bunium s. Bulbocastanum*.

[Paulli](#) (1648, s. 243) omtaler Jord-Nødder og glandes terrestres som ein *Lathyrus*. Dei fleste omset Simon Paulli sin Jord-Nødder til jordflatbelg *Lathyrus tuberosus*. [Schübeler](#) (1888, s. 578) skriv at den var anbefalt dyrka på slutten av 1700-talet i Sverige og Danmark, men han har berre sett den i Botanisk hage i Oslo i Noreg. Det er likevel ikkje heilt utenkeleg at det vart gjort forsøk å dyrke den i Noreg òg.

Kål <i>Brassica</i> spp.	Kaal, som nogle vandes med salt Vand og kommer derved des hastigere fort, er adskillige Slags, saasom Hviid-Kaal, der bliver til skøn Hoved-Kaal, besønderlig naar jorden efter nogle Aars Forløb ombyttes, Blom-Kaal (<i>Brassica crispa</i>), Grøn og Blaae-Kaal, item Rod-Kaal eller Kaal-Rapi, Ulike kålsortar som kvitkål, hovudkål, blomkål, grønkål, rødkål og kålrabi.
Matkarse <i>Lepidium sativum</i>	Karse,
Kirsebær <i>Prunus</i> spp.	Kirsebær-Træer med røde og sorte Bær.
Kornblom <i>Cyanus segetum</i> Hill	Korn-Blomster (<i>Cyanus</i>),
Krusemynte <i>Mentha spicata</i> var. <i>crispa</i>	Kruse-Mynthe,
Hagekjørvel <i>Anthriscus cerefolium</i>	Kyrvel,
Lavendel <i>Lavandula angustifolia</i>	Lavendel,
Laurbær <i>Laurus nobilis</i>	Laurbær-Træer i Potter.
Lupin <i>Lupinus</i> spp.	Lupin,
Løpstikke <i>Levisticum officinale</i>	Løbstilk,
Lauk <i>Allium</i> spp.	Løg hviid og rød;
Malurt <i>Artemisia absinthium</i>	Malurt,
Matrem <i>Tanacetum parthenium</i>	Martrum,
Merian <i>Origanum majorana</i>	Merian (<i>Maiorana</i>),
Meisterrot <i>Peucedanum ostruthium</i>	Mesterurt,

Negliker dobbelte og enkelte,	Nellik <i>Dianthus</i> spp.
Næpe (<i>Napus</i>),	Nepe <i>Brassica rapa</i> subsp. <i>rapa</i>
Nøgne-Jomfruer (<i>Colchicum</i>),	Tidløs <i>Colchicum autumnale</i>
Paaske-Lillier,	Påskeliljer <i>Narcissus</i> spp.
Pastinakel-Rødder,	Pastinakk <i>Pastinaca sativa</i>
Peberod,	Pepparrot <i>Armoracia rusticana</i>
Petersillie,	Persille <i>Petroselinum crispum</i>
Pintse-Lillie,	Pinseliljer <i>Narcissus</i> spp.
Pione,	Peonar <i>Paeonia</i> spp.
Plomme-Trær,	Plommer <i>Prunus</i> spp.
Pomerants-Trær i Potter,	Pomerans <i>Citrus × aurantium</i>
Portulak,	Portulakk <i>Portulaca oleracea</i>
Potatos (<i>Solanum tuberosum</i>) som en Deel hos os nyligen har begyndt å plante,	Potet <i>Solanum tuberosum</i>
Præste-Krave (<i>Bellis pratensis</i>), I dag har <i>Leucanthemum vulgare</i> fått namnet prestekrage, som gjer prestekrage til ein mogeleg art, men det er kanskje ein annan art Strøm meiner her: <i>Bellis perenne</i> er det latinske namnet på tusenfryd, og Paulli (1648, s. 1133) kallar tusenfryd <i>Bellis pratensis minor</i> . Strøm kutta av og til ned dei latinske namna når dei var eintydige, og Baade (1768, s. 410) skriv at den kvite forma av <i>Bellis perenne</i> vanlegvis gjekk under namnet præste-krave. Eg set derfor denne til tusenfryd <i>Bellis perennis</i> .	Tusenfryd <i>Bellis perennis</i>

Purre *Allium ampeloprasum*
var. *porrum*

Purre-løg (*Porrum sectivum*),[sic]

Matreddik *Raphanus sativus*
var. *sativus*

Radiis,

Det er truleg at dette er Rodiis som Christian Gartner kallar matreddik *Raphanus sativus* var. *sativus* ([Balvoll & Weisæth, 1994](#), s.93).

Vinterreddik *Raphanus*
sativus var. *niger*

Reddike,

Raud og kvit rips *Ribes* spp.

Ribs (*Ribesium*) med røde og hvide Bær,

Ringblom *Calendula*
officinalis

Ringblom (*Calendula*),

Roser *Rosa* spp.

Rose rød og hvid,

Vinrute *Ruta graveolens*

Rude (*Ruta hortensis*),

Rosmarin *Rosmarinus*
officinalis

Rosmarin,

Raudbeter *Beta vulgaris*

Røde-Beder,

Hagesalat *Lactuca sativa*

Sallade,

Kryddersalvie *Salvia*
officinalis

Salvie,

Sar *Satureja hortensis*

Sar (*Satureya*),

Svaleurt *Chelidonium majus*

Selidon (*Chelidonium majus*),

Selleri *Apium graveolens*

Sellerie,

Solbær *Ribes nigrum*

Solbær (*Ribes nigrum*),

Bandgras *Phalaris*
arundinacea f. picta

Spansk-Græs (*Phalaris*),

[Baade](#) (1768, s. 374) skildrar spansk-græs som bandgras
Phalaris arundinacea f. picta.

Spansk-Peber i Potter,

Chilipepar *Capsicum annuum*

Stiern-Hyacinther,

[Balvoll & Weisæth](#) (1994, s. 89) har *Hyacinthus stellatus* som er eit passande latinsk namn for stiern-hyasinth, og denne arten er tolka til russeblåstjerne *Othocallis siberica*. [Weinmann et al.](#) (1742, n. 587) har bilet av russeblåstjerne undernamnet Stern-Hyasinth. Russeblåstjerne er nok den mest trulege arten.

Russeblåstjerne *Othocallis siberica*

Stikkelsbær,

Stikkelsbær *Ribes uva-crispa*

Stok-Rose (*Malva sativa*),

[Brandt et al.](#) (1887) fortel at namnet *Malva sativa* ser ut å komme frå Plinius den eldre, som deler slekta i dei som er dyrka (*sativa*) og dei som er i skogen (*sylvestris*). Linné brukar ikkje namnet *Malva sativa*, og det er ikkje noko meir hjelpe i det latinske namnet. Christian Gartner nemner fire artar *Malva* i 1694 frå Trondheim: *Malva arborea*, *M. crispa*, *M. hortensis* og *M. rosea* ([Balvoll & Weisæth, 1994](#), s. 91). Sidan Strøm skriv Stok-Rose er det lett å tenke at han meiner praktstokkrose *Alcea rosea*, og [Baade](#) (1768, s. 402) kallar òg *A. rosea* Stok-rosen, som underbygg denne tolkinga.

Praktstokkrose *Alcea rosea*

Sukker-Erter,

Sukkerert *Lathyrus oleraceus*

Sværd-Lillie (*Iris*),

Sverdlilje *Iris pseudacorus*

Syring-Trær med blaa og hvide Blomstre,

Syrin *Syringa* spp.

Thimian,

Timian *Thymus* spp.

Tulipan

Tulipan *Tulipa* spp.

Tyrkiske-Bønner,

